



Selskapskontroll (eigarskapskontroll)

Sogn og Fjordane Teater L/L

2018



Forord

Denne rapporten er eit resultat av prosjektet Selskapskontroll/eigarskapskontroll i Sogn og Fjordane Teater L/L.

Plan for gjennomføring av selskapskontroll 2016 – 2020 blei vedteke i fylkestinget 18. oktober 2016 i SAK 42/16. Kontrollutvalet fekk jf. fylkestinget sitt vedtak fullmakt til å utføre selskapskontroll innanfor vedteke budsjett.

Prosjektet blei vedteke gjennomført i møte i kontrollutvalet 06.09.2018 jf. SAK 40/2018.

Prosjektet er gjennomført i samsvar med kommunelovens regler om gjennomføring av selskapskontroll §§ 77 og 80 samt forskrift om kontrollutvalg §§ 13 og 14. Gjennomføringa av kontrollen er basert på Norges Kommunerevisorforbunds (NKRF) veileder «*Selskapskontroll fra A til Å*».

Prosjektet er gjennomført av oppdragsansvarleg revisor og dagleg leiar Marianne Vara.

Vi vil samstundes takke dagleg leiar og styreleiar i Sogn og Fjordane Teater L/L, leiar i hovudutval for Næring og kultur samt administrasjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune for godt samarbeid og naudsynt bistand i samband med gjennomføringa av prosjektet.

Hermansverk 04.01.2019

Marianne Vara

dagleg leiar/oppdragsansvarleg revisor

SF revisjon IKS

Innhold

Hovudbodskap.....	3
Samandrag	3
1 Innleiing.....	7
1.1 Bakgrunn.....	7
1.2 Formål og problemstillingar.....	7
1.3 Kriteria	9
1.4 Metodisk tilnærming og gjennomføring	9
1.5 Rapportens oppbygging	9
2 Kort om Sogn og Fjordane Teater L/L	10
3 Sogn og Fjordane fylkeskommune si eigarstyring og oppfølging av Sogn og Fjordane Teater L/L ..	11
3.1 Eigarstrategi og andre styrande dokument.....	11
3.2 Generalforsamling.....	13
3.3 Selskapets kapitalstruktur.....	15
3.4 Vedtekter og styreval.....	15
3.5 Etisk regelverk og samfunnsansvar.....	17
3.6 Kontaktmøte og rapportering	19
3.7 Eigarrepresentanten sin opplysningsplikt overfor fylkesutvalet/fylkestinget.....	20
4 Konklusjon.....	22
5 Fråsegn til rapporten og revisors vurderingar.....	23
5.1 Fråsegn frå Eigarrepresentant.....	23
5.2 Fråsegn frå fylkesrådmann.....	23
5.3 Fråsegn frå Sogn og Fjordane Teater L/L v/styret.....	23
5.4 Revisors vurderingar.....	24
Referansar.....	26
Vedlegg 1 Kriteria for kontrollen.....	27
Vedlegg 2 Uttale frå Eigarskapsutøvar.....	42
Vedlegg 3 Uttale frå fylkesrådmann.....	44
Vedlegg 4 Uttale frå Sogn og Fjordane Teater L/L v/styret.....	46

Hovudbodskap

Revisor har vurdert om eigarskapsutøving i Sogn og Fjordane Teater L/L har vore ivareteken i samsvar med aksjeloven, fylkeskommunen sin årlege Eigarmelding og etablerte normer for god eigarstyring i perioden 2015 til og med august 2018.

Basert på motteke informasjon er det revisors vurdering at eigarskapsutøving på dei fleste punkt har vore gjennomført i samsvar med krav og føringar.

Undersøkinga viste samstundes at eigarstyringa på ein skilde punkt ikkje har vore i tråd med krav og føringar. Det gjaldt mellom anna formell gjennomføring av generalforsamling med omsyn til signering av protokollane, skriftleg rapportering frå eigarrepresentanten til eigar og oppfølging av ein skilde område som offentleg anskaffelse og offentlegloven.

Samandrag

Formålet med eigarskapskontroll er å gi informasjon til kontrollutvalet og fylkestinget om fylkeskommunen si utøving av eigarskapen i Sogn og Fjordane Teater L/L i perioden 2015 – august 2018.

Eigarskapskontroll er ein avgrensa kontroll av korleis forvaltinga av fylkeskommunens eigarinteresser i selskap blir utøvd og av at utøvinga av eigarskapen blir gjennomført i samsvar med gjeldande lover og regler, fylkeskommunens årlege Eigarmelding og i tråd med beste praksis.

Sogn og Fjordane Teater sitt formål er å drive teaterverksemd i Sogn og Fjordane fylke. Teateret kan også spele i andre fylke som ledd i utvekslingsprogram med andre teater og skal nytte nynorsk som målform. Teateret er eigd av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune med fylkeskommunen som hovudaksjonær. I perioden 2015 – 2017 har teateret motteke 26 -27 mill årleg i offentleg støtte. Staten er hovudbidragsyter.

Problemstillingar og metode

Hovudproblemstilling i kontrollen har vore å sjå etter om fylkeskommunen sine eigarinteresser blir utøvd i samsvar med fylkeskommunen sine vedtak og føresetnadar, aktuelle lover og regler og etablerte normer for god eigarstyring.

Problemstillinga har vore svart på ved m.a. å undersøke om:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har:

- Utarbeida ein konkret eigarstrategi med klare forventningar til Sogn og Fjordane Teater L/L.
- Følgd opp eigarstrategien i samsvar med eventuelle retningslinjer/styringssignal.
- Utarbeida andre dokument enn Eigarmeldinga for å utdjupe eigarstrategien ytterlegare med tydelege føringar, og om eventuelle styringssignal er klart formulert.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin representant ved utøving av eigarskap av Sogn og Fjordane Teater L/L har:

- Ivareteke krava i aksjeloven og eventuell anna relevant lovgiving og fylkeskommunale vedtak om m.a. utforming av vedtekter og krav til innkalling og gjennomføring av generalforsamling og val av styre.
- Følgd opp at kapitalstrukturen i selskapet er tilpassa formålet og selskapet sin finansielle situasjon.
- Følgd opp at selskapet har ivareteke sitt samfunnsansvar.
- Sikra seg naudsynt informasjon om selskapet gjennom krav til rapportering og møter.
- Ivareteke sin opplysningsplikt overfor fylkesutvalet.
- Ivareteke eventuelle andre særskilte føringar.

Føringane frå fylkeskommunen er i hovudsak henta frå Eigarmeldinga som blir gjennomgått og vedteke i fylkestinget kvar haust.

Den som etter fullmakt er valt til å utøve eigarskapen blir i rapporten omtalt som Eigarskapsutøvar.

Metoden i kontrollen har i hovudsak vore basert på eit opplegg som er utarbeida av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og veilederen *Selskapskontroll – frå A til Å*. I tillegg til eigenerklæring frå Eigarskapsutøvar og styret i selskapet blei det henta inn dokument som var relevante for eigarstyringa. Dei viktigaste dokumenta var innkallingar, sakspapir og protokoll frå generalforsamlingar og brev og anna skriftleg kommunikasjon mellom eigar og selskap i tillegg til årsrekneskap og årsrapport for perioden 2015 – 2017.

Datainnsamlinga har i hovudsak skjedd i perioden oktober – november 2018.

Med vising til undersøkinga karakter er det ikkje gitt tilrådingar.

I det følgjande blir revisors sentrale vurderingar oppsummert:

Vurderingar

Eigarstrategi og andre styrande dokument

Sogn og Fjordane fylkeskommune har eit klart formål med å vere medeigar av Sogn og Fjordane Teater L/L. Formålet kjem fram av den årlege Eigarmeldinga og selskapet sine vedtekter.

Fylkeskommunen sin eigarstrategi blir følgd opp gjennom den årlege handsaminga av Eigarmeldinga som skjer kvar haust i fylkestinget. I tillegg til ei generell godkjenning av del I i Eigarmeldinga blir kvart selskap inkl. Sogn og Fjordane Teater L/L gjennomgått og fylkestinget sluttar seg i all hovudsak til omtalen og vurderingar av selskapa og stiftingane i del II av Eigarmeldinga.

I tillegg til Eigarmeldinga sender fylkeskommunen ei nærare utdjupeing av fylkeskommunen sin eigarstrategi knytt til Sogn og Fjordane Teater L/L gjennom det årlege tilskotsbrevet. I selskapets årsmeldingar kan ein sjå at selskapet tar omsyn til ein stor del av fylkeskommunen sine styringssignal. Etter revisor sin vurdering er styringssignala som kjem fram av tilskotsbrevet klart formulert.

Generalforsamling

Generalforsamlinga er gjennomført i samsvar med krava i aksjeloven med unntak av det som går på signering av protokollane. Protokollane blir signert av selskapets aksjonærar. Protokollane skal i følgje aksjeloven signerast av m.a. møteleiar. Ingen av protokollane er signert av møteleiar i samsvar med kravet i aksjeloven § 5-16, nr. 3. Møteleiar, som vanlegvis er selskapets styreleiar, har ikkje signert møteprotokollane.

Selskapets kapitalstruktur

Selskapet har ein kapitalstruktur som tilfredsstillar eigaren sine krav og forventningar med vising til fylkeskommunen si Eigarmelding.

Vedtekter og styre

Vedtektene i selskapet er utforma i samsvar med aksjelovens krav.

Revisor har ikkje sett indikasjonar på at styremedlem i Sogn og Fjordane Teater L/L er valt på anna grunnlag enn for å få til eit kollegium som vil gi god nok breidde og relevant kompetanse for selskapet. Fylkeskommunen har praksis i å peike ut fylkestingsmedlem som styremedlem i forskjellige selskap. Styreleiar i dette selskapet er ikkje valt inn med bakgrunn i politikken.

Styresamansetnaden tilfredstillar krava i kommuneloven med omsyn til representasjon av begge kjønn i styret.

Selskapet har ikkje rutinar for å gi nye styremedlem opplæring i den nye rolla.

Etisk regelverk og samfunnsansvar

Det er oppretta fleire møtepunkt mellom fylkeskommunen som eigar og leiinga i selskapet. I tillegg til møta i generalforsamling blir det gjennomført eigarmøter, dialogmøter og andre meir uformelle møter som t.d. at hovudutval for kultur og næring har besøkt teateret sine lokale i Førde. I tillegg blir det sendt tilskotsbrev frå fylkeskommunen årleg til Sogn og Fjordane Teater L/L og selskapet blir omtalt kvart år i del II i Eigarmeldinga.

Fylkeskommunen har synleggjort sine forventningar i høve samfunnsansvar, miljø og etikk i Eigarmeldinga pkt. 1.8.1.

Protokoll frå generalforsamling, referat frå dialogmøta og det årlege tilskotsbrevet er sentrale dokument som synleggjer eigar sine styringssignal og oppfølging av selskapet. Sjølv om tema som økonomisk utruskap, offentleglova, HMT, miljø, likestilling m.m. i liten grad er omtalt i desse dokumenta kan ein ikkje gå ut frå at selskapets samfunnsansvar av den grunn ikkje blir følgt opp av eigar/eigarrepresentant. Eigarrepresentanten har i sin eigarmelding, ved spørsmål om kva slags eigaroppfølginga av selskapet som blir gjennomført ut over møter i generalforsamling, ikkje omtalt desse områda.

I del II i Eigarmeldinga om den einskilde verksemd er følgjande område teke med; sitat:

«Strategiplanen omtalar personalpolitikk, miljø og verdigrunnlag»

Selskapet gjer reie for HMT, likestilling, miljø og sjukefråvær i m.a. årsmeldingane. Årsmeldingane er sentrale dokument som eigarrepresentanten/fylkesutvalet/fylkestinget gjennomgår kvart år.

I følgje leiinga i selskapet er det ikkje ført anskaffelsesprotokoll ved kjøp over kr 200 000,-. Det kan sjå ut som om eigar og eigarrepresentanten har eit forbedringspotensiale når det gjeld oppfølging av områda offentlege anskaffingar, offentleglova og økonomiske utruskap/korrupsjon.

Kontaktmøte og rapportering

Basert på eigenerklæringar og gjennomgått dokumentasjon har fylkeskommunen sikra seg informasjon om selskapets måloppnåing gjennom ulike typar møter og årsmeldingar slik eigaren forventar det med vising til Eigarmeldinga sine retningslinjer under punkta 2.5.4. 2.6.1 og 2.6.2. Rapportane syner at Sogn og Fjordane Teater L/L i stor grad har nådd måla sine både på eit overordna nivå og i forhold til fylkeskommunen sine styrande signal (sjå tilskotsbrevet 2017). Som døme kan ein vise til at teateret stetter opp om måla om å nå heile fylket og auke talet på publikumsbesøkande (sjå årsmelding for 2017).

Eigarrepresentanten sin opplysningsplikt overfor fylkesutvalet/fylkestinget

Eigarrepresentanten har berre rapportert inn munnleg frå møta i generalforsamlinga i 2016 og 2017. Frå møte i 2018 er det rapportert skriftleg i samsvar med krava i Eigarmeldinga.

Det har vore liten/ingen dialog/kommunikasjon mellom eigarrepresentanten og fylkesutvalet/fylkestinget i perioden 2015 – 2018 utover rapportering om årsmelding, årsrekneskap og protokoll frå generalforsamling i tillegg til den årlege Eigarmeldinga. Eigarrepresentanten grunnar det med at det ikkje har vore usemje i saker som gjeld teateret, og at det ikkje har vore meir å melde enn det som står i årsmelding og årsrekneskap i denne perioden. Ho viser til Eigarmeldinga som retningsgivande for dei krav og forventningar fylkeskommunen har til henne som eigarrepresentant i Sogn og Fjordane Teater L/L.

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Sogn og Fjordane Teater L/L blei starta opp i 1977 og feira 40- års jubileum i 2017. Selskapet vil halde fram med å vere unge og nyskapande. Dei skal ikkje berre spele i dei store kulturhusa, men og i gymsalar, bygdehus, kyrkjer, bibliotek, barnehagar, skular og aldersheimar.

Selskapets mål er å drive teaterverksemd i Sogn og Fjordane fylke. Teateret kan også spele i andre fylke som ledd i utvekslingsprogram med andre teater og skal nytte nynorsk som målform.

Selskapet har i perioden 2015 til 2017 motteke 26 – 27 mill i årleg offentleg støtte frå staten, fylkeskommunen og Førde kommune. Staten er den største bidragsyter. Eigiar sin representant i perioden har vore leiar i hovudutval for næring og kultur.

Eigarskapskontroll er heimla i kommunelova §§ 77 og 80 og i forskrift om kontrollutval §§ 13 og 14. Kontrollen går på nærare undersøkingar av korleis eigarane utøver sin eigarskap i selskapet, og er ein meir avgrensa kontroll enn t.d. forvaltningsrevisjon. Undersøkinga blir gjennomført primært ved hjelp av eigenerklæringar frå dei som utøver eigarfullmaktene, og frå selskapets styre. I tillegg hentar ein inn dokument som er relevante for eigarstyringa, utan at desse analyserast detaljert.

Fylkestinget vedtok 18.10.2016 Plan for gjennomføring av selskapskontroll 2016 – 2020 i sak 42/16. Kontrollutvalet fekk i fylkestinget sitt vedtak fullmakt til å utføre selskapskontroll av Sogn og Fjordane Teater L/L.

1.2 Formål og problemstillingar

Formålet med prosjektet kjem fram av motteke bestilling frå kontrollutvalet (sitat):

«Formålet med eigarskapskontrollen er å kontrollere om den som utøver fylkeskommunen sine eigarinteresser, utøver sitt mynde i samsvar med aktuelle lover og føresegner, fylkestinget sine vedtak og forutsetningar og i tråd med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing.»

Problemstillingar

Kontrollutvalet har i bestillingsdokumentet lagt fram følgjande problemstillingar (sitat):

1. I kva grad har fylkeskommunen ein konkret eigarstrategi med klare forventningar til Sogn og Fjordane Teater L/L?
 - Er det etablert tydelege føringar for eigarskapen i teateret?
 - I kva grad er styringssignala klart formulert?
 - I kva grad vert eigarstrategien følgt opp?
2. Vert eigarinteressene til fylkeskommunen utøvd i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnadar, aktuelle lovheimlar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?
3. Fører fylkeskommunen kontroll med sine eigarinteresser på ein lovmessig og trygg måte?
 - Har fylkeskommunen etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser?
 - Er rutinane gode nok og vert dei etterlevd?

Presisering:

Det blei i november 2017 levert ein rapport for gjennomført selskapskontroll av Sogn og Fjordane fylkeskommune på eit overordna nivå. Revisor så på om Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde etablert rutinar for oppfølging av sine eigarinteresser. Vi viser til konklusjonen i rapporten frå 2017 datert 08.11.2017 (sitat):

Sogn og Fjordane fylkeskommune har kome langt i prosessen med å få på plass gode interne reglar og retningslinjar knytt til eigarstyring. Det sentrale dokumentet som fylkeskommunen har utvikla over ein periode på om lag 10 år er Eigarmeldinga som vert handsama kvart år i fylkestinget. Fylkeskommunen si årlege Eigarmelding er eit funksjonelt og godt styringsdokument i stadig utvikling, og er eit godt døme på korleis ein god årleg eigarmelding kan sjå ut.

Fylkeskommunen har etablert ei overordna eigarstyring i samsvar med lover og reglar.

Våre undersøkingar har ikkje avdekket vesentlege avvik mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune sine retningslinjer og rutinar knytt til eigarstyring og KS sine Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll.

Fylkeskommunen har fått på plass gode rutinar for kompetanseoppbygging av dei folkevalde slik at dei kan utøve ein god eigarstyring og eigaroppfølging.

Det er utarbeidd klare formål og rammer for fylkeskommunen sine eigarstrategiar i selskapa dei eig eller er medeigar i. Fylkestinget evaluerer årleg fylkeskommunen sin eigarstrategi både generelt og for kvart selskap gjennom handsaminga av Eigarmeldinga.

Våre undersøkingar tyder på at fylkesutval og fylkesting får den informasjon dei har behov for om fylkeskommunen sin eigarskap. Det er ingenting som tyder på at den informasjon dei får ikkje er korrekt.

I årets kontroll har revisor fokus på om rutinar og retningslinjer jf. den årlege Eigarmeldinga blir følgd i forhold til eigaroppfølging av selskapet Sogn og Fjordane Teater L/L.

Revisor har søkt svar på problemstillingane ved å undersøke om **Sogn og Fjordane fylkeskommune** har:

- Utarbeidd ein konkret eigarstrategi med klare forventningar til Sogn og Fjordane Teater L/L.
- Følgd opp eigarstrategien i samsvar med eventuelle retningslinjer/styringssignal.
- Utarbeidd andre dokument enn Eigarmeldinga for å utdjupe eigarstrategien ytterlegare med tydelege føringar, og om eventuelle styringssignalar er klart formulert.

Vidare har revisor søkt svar på problemstillingane ved å undersøke om **Sogn og Fjordane fylkeskommune sin representant ved utøving av eigarskap av Sogn og Fjordane Teater L/L** har:

- Ivareteke krava i aksjeloven og eventuell anna relevant lovgiving og fylkeskommunale vedtak om m.a. utforming av vedtekter og krav til innkalling og gjennomføring av generalforsamling og val av styre.
- Følgd opp at kapitalstrukturen i selskapet er tilpassa formålet og selskapet sin finansielle situasjon.
- Følgd opp at selskapet har ivareteke sitt samfunnsansvar.
- Sikra seg naudsynt informasjon om selskapet gjennom krav til rapportering og møter.
- Ivareteke sin opplysningsplikt overfor fylkesutvalet.
- Ivareteke eventuelle andre særskilte føringar.

Den som har utøvd eigarskapen av Sogn og Fjordane Teater L/L på vegne av fylkeskommunen blir etter dette omtalt som Eigarrepresentanten.

1.3 Kriteria

Kriteria for eigarskapsutøving er målestokken som ligg til grunn for revisors vurderingar. Sentrale kjelder for kriteria er:

- Lov om aksjeselskap
- Sogn og Fjordane fylkeskommune si årlege Eigarmelding (heretter omtalt som Eigarmeldinga). Vi har teke utgangspunkt i Eigarmeldinga for 2017.
- Aktuelle saker som har vore oppe i eigarorgana.
- KS sine «Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll»

Kriteria for vurdering av eigarskapsutøving blir presentert der dei blir nytta/vist til i rapporten. Utledinga av kriteria kjem fram av vedlegg 1.

1.4 Metodisk tilnærming og gjennomføring

Ein eigarskapskontroll er ei avgrensa undersøking av korleis eigaren utøver eigarskapen i selskapet i forhold til gjeldande føringar for dette. Kommunerevisjonen vil basere kontrollen på eit opplegg utarbeida av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) i veilederen «Selskapskontroll – frå A til Å.»

I dette prosjektet har hovudelementa i metoden vore som følgjande:

- Det er henta inn opplysningar om selskapet og om eigar sin utøving av eigarskapen gjennom eigenerklæring frå eigarrepresentanten og selskapet sitt styre.
- Følgjande dokument er henta inn og i naudsynt grad gått gjennom:
 - Aktuelle saker vedteke av eigarorgana.
 - Selskapets årsrekneskap og årsmeldingar for perioden 2015 – 2017.
 - Sakspapir og protokollar frå gjennomførte generalforsamlingar i 2016, 2017 og 2018.
 - Korrespondanse mellom eigar og utøvar og andre sentrale dokument.

Prosjektet blei formelt starta opp ved utsending av brev om oppstartsmøte til styret i selskapet datert 03.10.2018. Oppstartsmøte blei gjennomført 31.10.2018 med styreleiar, teatersjef og administrerande direktør i selskapets lokalar i Førde. I møte informerte revisor om prosjektet, problemstillingane og sjølve gjennomføringa av prosjektet og svarte på spørsmål.

Undersøkinga omfattar perioden frå 2015 til og med september 2018. Datainnsamlinga skjedde i hovudsak i perioden oktober og november 2018. Ut frå undersøkinga sin karakter er det ikkje gitt tilrådingar.

1.5 Rapportens oppbygging

I kapittel 2 er det gitt ein kort presentasjon av Sogn og Fjordane Teater L/L. I kapittel 3 har revisor gjennomgått fakta og vurderingar av problemstillingane jf. bestillinga. Revisors konklusjonar er lagt til kapittel 4.

Fråsegn, nytta kriteria som t.d. bygger på deler av aksjeloven og deler av Eigarmeldinga samt referansar er lagt ved som vedlegg i rapporten.

2 Kort om Sogn og Fjordane Teater L/L

Selskapets formål er å drive teaterverksemd i Sogn og Fjordane fylke. Teateret kan også spele i andre fylke som ledd i utvekslingsprogram med andre teater og skal nytte nynorsk som målform.

Tabell 1 **Rekneskapsmessige nøkkeltal for perioden 2015 – 2017. Tal i millionar**

År	Off. tilskot	Totale driftsinntekter	Årsresultat	Eigenkapital prosent
2015	26,1	28,081	1,408	47 %
2016	26,8	28,154	-,0002	49 %
2017	27,1	28,692	0,329	47 %

Note: Kjelde er årsmeldingar for åra 2015 – 2017 og Eigarmeldinga for åra 2016 - 2018

Tabellen syner at Sogn og Fjordane Teater L/L har motteke årlege tilskot på 26 -27 mill per år dei siste 3 åra. Sogn og Fjordane Teater L/L mottar tilskot frå staten, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune. Med ein eigenkapital på 47 – 49 % har selskapet ein solid økonomi.

Tabell 2 **Oversikt over tal teaterbesøkande som har sett førestillingane for perioden 2015 – 2017**

År	Besøkande
2015	15 802
2016	15 118
2017	18 094

Note: Kjelde er Eigarmeldinga for åra 2016 - 2018

Sogn og Fjordane Teater L/L hadde ein reduksjon av besøkande gjestar i 2016, og ein stor auke i 2017. I følge Årsmeldinga for 2017 skal teateret halde fram med å vere unge, nyskapande, modige, engasjerte og inkluderande. Totalt hadde teateret i 2017 223 framsyningar, vitja 60 spelestader og presenterte 12 titlar. Det blei spelt 84 framsyningar i Førde, medan resten blei vist på turnè. Sogn og Fjordane Teater L/L nådde publikum i heile fylket og vitja alle kommunane i Sogn og Fjordane i 2017.

3 Fylkeskommunen si eigarstyring og oppfølging av Sogn og Fjordane Teater L/L

3.1 Eigarstrategi og andre styrande dokument

3.1.1 Kriteria

Ein kommune/fylkeskommune bør ha ein open og klart uttrykt eigarstrategi for sitt eigarskap i dei ulike selskapa med vising til KS sin anbefaling nr 5.

Kontrollutvalet har i si bestilling konkretisert det slik:

- Fylkeskommunen skal ha ein konkret eigarstrategi med klare forventningar til selskapet.
- Fylkeskommunen skal følge opp eigarstrategien i samsvar med eventuelle retningslinjer/styringssignal.
- Fylkeskommunen bør/kan utarbeida andre dokument enn Eigarmeldinga for å utdjupe eigarstrategien ytterlegare med tydelege føringar som er klart formulert.

3.1.2 Fakta

Konkret eigarstrategi

Punkt 1.7.1 i Eigarmeldinga er retningsgivande for fylkeskommunen sine eigarstrategiar i det einskilde selskap og seier m.a.:

- Eigarstrategien må vere i samsvar med verksemda sitt formål.
- Omfanget av ein eigarstrategi er avhengig av mellom anna selskapet si verksemd, behovet for eigarstyring, marknadsmessige høve og konkurranseregelverket.
- Ein eigarstrategi og selskapsstrategi for eit selskap vil tene som grunnlag for ein etterfølgjande selskapskontroll.
- Utbyttepolitikk er ein del av eigarpolitikken fylkestinget har ovanfor nokre aksjeselskap. Eigar har ansvaret for forsvarleg kapital i selskapet og det må påverke utbyttepolitikken til fylkeskommunen. Det er viktig at eigar vurderer om selskapet sitt formål vil kunne realiserast dersom ein tek ut utbytte frå selskapet.

I følgje punkt 1.2 i Eigarmeldinga skal fylkeskommunen sitt formål med eigarskap i verksemdar oppfylle eit eller fleire av fylgjande krav(sitat):

1. *Finansielle mål:*
 - *Sikre at investert kapital oppnår god avkastning som samsvarar med den risikoen fylkeskommunen tek ved å ha eigardelar i selskapet, som til dømes Sogn og Fjordane Energi AS.*
2. *Næringsutvikling:*
 - *Delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket, som til dømes Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS.*
 - *Delta i investeringsselskap som går inn som eigar for å utvikle nye selskap, som til dømes Fjord Invest AS.*
 - *Delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører/får kompetanse.*
3. *Fylkeskommunal-/kommunal fellestiltak*
 - *Delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordeler i tenesteproduksjonen, som til dømes Kommunekraft AS.*

- *Delta i selskap som har stort innslag av ansvar for å tilrettelegging for særlege grupper.*
4. *Fylkesomfattande kulturselskap*
- *Delta i selskap saman med til dømas kommunar for å sikre drift av fylkesomfattande kulturinstitusjonar, som til dømes Sogn og Fjordane Teater LL.*

Fylkeskommunen sitt formål med eigarskapen i Sogn og Fjordane Teater L/L kjem fram av pkt. 4 jf. over:

«Delta i selskap saman med til dømas kommunar for å sikre drift av fylkesomfattande kulturinstitusjonar, som til dømes Sogn og Fjordane Teater LL.»

Dette er utdjupa i del II i Eigarmelding der det einskilde selskap som fylkeskommunen er eigar eller medeigar i er omtalt:

«Føremålet med selskapet er å drive teaterverksemd i Sogn og Fjordane fylke. Teateret kan også spele i andre fylke som ledd i utvekslingsprogram med andre teater.

Teateret skal nytte nynorsk som målform eller nynorske målføre. Teateret går inn som ein naturleg del av fylket sitt samla kulturtilbod. Det skal søkje å fremje amatørteater i fylket.»

Oppfølging av eigarstrategien

Fylkestinget evaluerer sitt eigarskap i selskapa sine kvart år i samband med handsaming av Eigarmeldinga. Alle selskap der fylkeskommunen har eigarskap i, inkl. Sogn og Fjordane Teater L/L, er omtalt i Eigarmeldinga under del II - Verksemdsoversikt. Meldinga er skriven for det meste med grunnlag i verksemdene sine årsrekneskap og årsmeldingar, protokollar og utsendingane sine rapportar frå generalforsamling, selskapsavtaler og vedtekter.

Fylkeskommunen sin eigarstrategi blir følgt opp årleg gjennom handsaming av Eigarmeldinga både generelt og spesielt for kvart einskild selskap. I tillegg følgjer den som er vald til å utøve eigarskap på vegne av fylkeskommunen opp at selskapet handlar i samsvar med aktuelle selskapsavtaler, vedtekter og innanfor selskapets formål og fylkeskommunen sine eigarstrategiar (blir også omtalt under pkt. 3.6 og 3.7 i rapporten).

Andre styrande dokument

I følgje eigenerklæring frå *Eigarrepresentanten* blei styret sist evaluert av hovudutval for kultur i 2014 (sjå sak 38/14). Evalueringa blei gjennomført m.a. på bakgrunn av Kulturdepartementet si evaluering av den kvalitative utviklinga ved Sogn og Fjordane Teater L/L for perioden 2012 - 2014. Ei viktig innvending som Kulturdepartementet påpeikte då var manglande overordna strategiplan for arbeidet. Dette tok styret i Sogn og Fjordane Teater L/L fatt i og selskapets overordna Strategiplan for perioden 2014 – 2018 var klar i løpet av fyrste halvår 2014. I hovudutval for kultur si evaluering blei det påpeikt at fylkeskommunen som eigar ville følgje teateret si utvikling og bruk av strategiplanen i åra framover. Det blei gjort følgjande vedtak i saka:

1. Rapporten «Kvalitet for alle penga? En evaluering av Nationaltheatret, Rogaland teater og Sogn og Fjordane teater» vert teken til vitande.

2. Fylkeskommunale forventningar til Sogn og Fjordane Teater vert formidla gjennom generalforsamling, i eigne dialogmøte mellom teateret og fylkeskommunen, og i dei årlege tilskotsbrev.

3. Fylkeskommunen vil framover ha fokus på Sogn og Fjordane teater sitt arbeid med å følgje opp vedteken strategiplan.

Det har vore gjennomført dialogmøter mellom teateret og fylkeskommunen, men det er ikkje skrivne referat frå alle møta. Vi har fått tilsendt referat frå dei to dialogmøta som er gjennomført i 2018. Selskapet mottar kvart år i byrjinga av året tilskotsbrevet frå fylkeskommunen.

Tilskotsbrevet blir sendt i januar-mars kvart år. I tilskotsbrevet peiker fylkeskommunen på områder dei vil utfordra Sogn og Fjordane Teater L/L, slik at selskapet har klare strategiar og mål for sine aktiviteter. I tilskotsbrevet 2017 blei følgjande tema omtalt:

- Strategiar for å nå barn og unge.
- Vere synlege og til stades i store deler av/heile fylket.
- Kompetansebase for andre aktørar.
- Samarbeid mellom institusjonane og deltaking i å utvikle det regionale kulturlivet.
- Delta i arbeid med å styrke opplevingsnæringane i fylket.
- Publikumsarbeid.

3.1.3 Vurderingar

Konkret eigarstrategi

Sogn og Fjordane fylkeskommune har eit klart formål med å vere medeigar av Sogn og Fjordane Teater L/L. Formålet kjem fram av den årlege Eigarmeldinga og selskapet sine vedtekter.

Oppfølging av eigarstrategien

Fylkeskommunen sin eigarstrategi blir følgt opp gjennom den årlege handsaminga av Eigarmeldinga som skjer kvar haust i fylkestinget. I tillegg til ei generell godkjenning av del I i Eigarmeldinga blir kvart selskap inkl. Sogn og Fjordane Teater L/L gjennomgått og fylkestinget sluttar seg i alle hovudsak til omtalen og vurderingar av selskapa og stiftingane i del II av Eigarmeldinga.

Andre styrande dokument

I tillegg til Eigarmeldinga sender fylkeskommunen ei nærare utdjupeing av fylkeskommunen sin eigarstrategi knytt til Sogn og Fjordane Teater L/L gjennom det årlege tilskotsbrevet. I selskapets årsmeldingar kan ein sjå at selskapet tar omsyn til ein stor del av styringssignala frå fylkeskommunen. Etter revisor sin vurdering er styringssignala som kjem fram av tilskotsbrevet klart formulert.

3.2 Generalforsamling

3.2.1 Kriteria

Det er teke utgangspunkt i aksjeloven sine krav for gjennomføring av generalforsamling i selskapet.

Generalforsamlinga si mynde

- Eigaravgjer og vedtak skal utførast i generalforsamling.

Gjennomføring av generalforsamling i møte

- Blir generalforsamlinga gjennomført som møte skal styreleiar og dagleg leiar vere til stade.

Saker som skal handsamast i generalforsamling

- På den ordinære generalforsamling skal følgjande saker handsamast og bli teke avgjer i:
 - godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, her under utdeling av utbytte.
 - andre saker som etter loven eller vedtektene høyrer inn under generalforsamling, herunder val av styre og revisor.
- Godtgjersle til revisor skal godkjennast av generalforsamling.

Protokoll frå generalforsamlinga

- Det skal føreligge protokoll frå generalforsamling som inneheld:
 - ved generalforsamling i møte: ein oversikt over dei møtande (kan også komme fram i vedlegg). Dersom aksjonærar eller andre har møtt med fullmakt skal det komme fram at gyldig fullmakt er lagt fram.
 - vedtak i generalforsamlinga med oversikt over resultat frå avstemmingane og tal stemmer som er gjevne og kor mange aksjar som er stemt for og imot vedtaket. Der det er relevant, skal det også takast med kva for del av aksjekapitalen dei gjevne stemmane representerer.
- Protokollen skal daterast og signerast av møteleiar og minst ein annan person valt av generalforsamlinga og sendast til samtlege aksjeeigarar.

3.2.2 Fakta

Generalforsamlinga si mynde

I eigenerklæringa frå *Eigarrepresentanten* blei det synt til at eigaravgjer blei fatta i generalforsamlinga. Totalt blei det vist til følgjande fora der temaet eigarstyring kan komme opp. Desse er:

- På selskapets generalforsamlingar.
- I samband med eigarmøter utanom generalforsamling. Slike møter blir vanlegvis heldt mellom leiinga i selskapet og fylkesrådmann/fylkesordførar.
- Det årlege budsjettforslag lagt fram av hovudutval for næring og kultur til endeleg avgjer i fylkestinget.
- På dialogmøter mellom administrasjonen i fylkeskommunen og leiinga i selskapet.
- Dei årlege tilskotsbreva frå fylkeskommunen til selskapet.

Gjennomføring av generalforsamling i møte

Det blei helde ordinære generalforsamlingar i 2016, 2017 og 2018. I tillegg blei det heldt ekstraordinært møte i generalforsamlinga 06.10.2016. Bakgrunnen for det ekstraordinære møte var val av ny styreleiar grunna dødsfall.

I 2016 møtte vara for Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarrepresentant og for Førde kommune stilte eigarrepresentanten med fullmakt. I 2017 stilte Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarrepresentant og Førde kommune sin eigarrepresentant. I 2018 stilte Førde kommune sin eigarrepresentant og for Sogn og Fjordane fylkeskommune stilte eigarrepresentant med fullmakt. Alle tre generalforsamlingane handsama selskapets årsrekneskap og årsmelding, godtgjersle til styret og revisor og val av revisor. I 2016 hadde generalforsamlinga oppe sak om Val av styre. I eitt av tre møter stilte fylkeskommunen sin eigarrepresentant med fullmakt.

Protokoll frå generalforsamlinga

Det er lagt fram protokoll frå alle dei tre ordinære møta i tillegg til eitt ekstraordinært møte. Protokollane frå alle dei fire møta er signert av eigarrepresentanten frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og av eigarrepresentanten frå Førde kommune. Ingen av protokollane er signert av

møteleiar i samsvar med kravet i aksjeloven § 5-16, nr. 3. Ved førespurnad til leiinga i selskapet om det er ein spesiell årsak til at protokollane gjennomgåande ikkje er signert av møteleiar blei det avkrefta. Det kan sjå ut som det er ein forgløkking eller misforståing.

Møteprotokollane er ikkje signert i samsvar med dei formelle krava i aksjeloven.

3.2.3 Vurderingar

Generalforsamlinga er gjennomført i samsvar med krava i aksjeloven med unntak av det som går på signering av protokollane. Protokollane blir signert av selskapets aksjonærar. Møteleiar, som vanlegvis er selskapets styreleiar, har ikkje signert møteprotokollane.

3.3 Selskapets kapitalstruktur

3.3.1 Kriteria

Eigar bør sjå etter at selskapet har ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil for selskapet med vising til pkt. 1.8.3 i Eigarmeldinga. For aksjeselskap legg fylkestinget til grunn at kravet om forsvarleg eigenkapital og likviditet blir etterlevd.

3.3.2 Fakta

Sogn og Fjordane Teater L/L har ein eigenkapital på 47 % som viser at selskapet har god soliditet. Arbeidskapitalen var i 2017 svekka i forhold til 2015. Omløpsmidlar utgjorde 1,1 mill i 2017 mot 3,8 mill i 2015. Den svake likviditeten i 2017 skuldast m.a. at selskapet kjøpte ein leilegheit i november 2017 der lånefinansieringa ikkje var på plass før i januar 2017.

3.3.3 Vurderingar

Selskapet har ein kapitalstruktur som tilfredsstillar eigaren sine krav og forventningar med vising til fylkeskommunen si Eigarmelding.

3.4 Vedtekter og styreval

3.4.1 Kriteria

Revisor har teke utgangspunkt i aksjeloven sine krav til vedtekter og styreval. Når det gjeld styreval er det i tillegg sett på fylkeskommunen sine krav med vising til Eigarmeldinga.

Vedtekter

- Vedtektene skal minst innehalde:
 - selskapets namn
 - den kommunen i landet der selskapet har sin forretningsadresse
 - selskapets verksemd
 - storleiken på aksjekapitalen
 - aksjenes pålydande (nominelle beløp)
- Vedtektene skal fastsetje at styret sin leiar skal veljast av generalforsamlinga
- Vedtektene bør med jamne mellomrom vurderast og eventuelt oppdaterast

Styreval

- Eigarrepresentanten bør syte for at styret sin totale kompetanse skal representere ein god nok breidde og relevant kompetanse for selskapet med vising til Eigarmelding pkt. 2.5.
- Eigarrepresentanten må sikre at krava om representasjon av begge kjønn i styret blir overheldt med visning til aksjeloven sine krav.
- Eigarrepresentanten bør sjå til at medlemmane i styret gis naudsynt opplæring. Fylkeskommunen kan i særskilte høve gi tilbod om opplæring, men meiner at det i utgangspunktet er det einskilde selskap sitt ansvar å sjå til at selskapets styremedlem får den naudsynte opplæring.

3.4.2 Fakta

Vedtekter

Gjeldande vedtekter for selskapet blei vedteke på ordinær generalforsamling 21.06.2016, og inneheldt alle elementa som følgjer av aksjeloven sine krav. I vedtektene § 3 blir det fastslått at det skal veljast tre styremedlemmar etter framlegg frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, eitt styremedlem etter framlegg frå Førde kommune og eitt etter framlegg frå dei fast tilsette i verksemda. Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar i styret.

Vedtektene blir endra med jamne mellomrom, sist 21.06.2016.

Styreval

Styremedlemmane veljast for 4 år med unntak av representanten for dei tilsette som blir valt for 2 år jf. § 3 i Vedtektene. Det ordinære val av styremedlemmar skjedde sist 21.06.2016. Det er ikkje gjort nytt val av den tilsette sin representant i den ordinære generalforsamlinga etter to år. I følgje leiinga i selskapet blei det gjort val av tilsettere representanten i styret våren 2018. Valprotokollen er signert av styreleiar og administrerande direktør. I følgje aksjeloven § 6-3 skal styret veljast av generalforsamling med unntak av styremedlem som skal veljast av og blant dei tilsette.

I eigenerklæringa synte Eigarrepresentanten til selskapets Vedtekter om val og samansetnad av styret i selskapet (sitat):

Styret skal ha fem medlemmer. Av desse skal tre veljast etter framlegg frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, ein frå Førde kommune og ein frå dei faste tilsette. For styremedlemmer valde etter forslag frå fylkeskommunen og Sogn og Fjordane teater skal det veljast varamedlemmer i rekkjefølgje. Styremedlemmen frå Førde kommune har personleg varamedlem.

Alle fast tilsette står likt, og kan velje- og bli valde inn i styret. I tillegg til ein styremedlem, skal det veljast tre varamedlemmer i rekkjefølgje. Første vara møter fast med talerett.

Styre- og varamedlemmene si funksjonstid er fire år med unntak for representanten for dei tilsette som vert vald for to år.

Ved fyste gongs attval etter ei endring av styresamansetjinga, kan nokre av dei aksjonærvalde styremedlemmane veljast for kortare tid enn 4 år.

Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar. Styreleiar skal veljast frå ein av representantane foreslegne av fylkeskommunen.

I følgje årsmeldingane for åra 2015 – 2017 har styret vore samansett av 2 kvinner og 3 menn for heile perioden, dvs. ein kvinneleg representasjon på 40 %. Styremedlemmane som eigarane har valt, har bestått av 2 kvinnar og 2 menn, dvs. at begge kjønna har vore representert med 50 %.

I følgje Eigarmeldinga pkt. 3.3 forventar fylkestinget at det einskilde selskap sjølv har ansvar for opplæring av sine styremedlem. Ved førespurnad til leiinga i selskapet har dei oppgitt at dei ikkje har rutinar for opplæring av nye styremedlemmar i selskapet.

3.4.3 Vurderingar

Vedtekter

Vedtektene i selskapet er utforma i samsvar med aksjelovens krav.

Styreval

Revisor har ikkje sett indikasjonar på at styremedlemene i Sogn og Fjordane Teater L/L er valt på anna grunnlag enn for å få til eit kollegium som vil gi god nok breidde og relevant kompetanse for selskapet. Fylkeskommunen har praksis i å peike ut fylkestingsmedlem som styremedlem i forskjellige selskap. Styreleiar i dette selskapet er ikkje valt inn med bakgrunn i politikken.

Styresamansetnaden tilfredstillar krava i kommuneloven med omsyn til representasjon av begge kjønn i styret.

Selskapet har ikkje rutinar for å gi nye styremedlem opplæring i den nye rolla.

3.5 Etisk regelverk og samfunnsansvar

3.5.1 Kriteria

Eigar bør følgje opp at selskapet sytar for sitt samfunnsansvar i tråd med Eigarmeldinga punkt «1.8.1 Samfunnsansvar, miljø og etikk hjå selskapa», her under at selskapet m.a.:

- har utarbeida eit etisk regelverk.
- arbeider aktivt for å hindre misleghald og korrupsjon, og at drifta er i samsvar med fylkeskommunen sine mål og interesser.
- har eit avklart forhold til lov om offentlege anskaffelser ved kjøp og investeringar.
- vert drivne slik at dei i det store og det heile gjev eit positivt bidrag til samfunnet.
- sameinar økonomi og etikk i alle delar og ledd av verksemda.
- arbeider systematisk og trygt med helse, miljø og tryggleik (HMT).
- arbeider aktivt for likestilling i verksemda og i styret.
- rapporterer om sitt arbeid med samfunnsansvar, med vekt på vesentlege utfordringar, mål og indikatorar for måloppnåing, i hovudsak gjennom årsmeldingar.
- gjer det klart kva som er selskapets verdigrunnlag, og i samsvar med dette utarbeider retningslinjer for sitt arbeid med samfunnsansvar.
- syner nøktern nivå på honorar/godtgjersle, gåver, reiser og liknande til styremedlem m. fl.

3.5.2 Fakta

Etiske reglar

Selskapets etiske retningslinjer er sist datert 01.05.2015.

Samfunnsansvar og verdigrunnlag

Selskapets overordna Strategiplan er vedteke i 2014, og omhandlar m.a. personalpolitikk, miljø og verdigrunnlag.

Styret og leiinga i selskapet har oppgitt at det er utarbeid retningslinjer og rutinar for å kunne ivareta selskapets samfunnsansvar med følgjande grunngjeving:

- Økonomisk utruskap/korrupsjon: Det er fast tema i det årleg oppstartsmøte med revisor. I tillegg bidrar revisor til gjennomgang av rutinar ved teateret for å sikre drifta mot økonomisk utruskap og fare for misleghald.
- Innkjøp og større investeringar: Den administrative leiinga i selskapet meiner at dei følgjer Lov om offentlege anskaffelser ved kjøp og større investeringar, men manglar anskaffingsprotokoll ved kjøp over kr 200 000,-. I følgje styret blir det henta inn tilbod frå fleire tilbydarar ved større investeringar. Selskapet legger til grunn internt notat utarbeida av revisor for vurderingane om reglane for offentlege anskaffingar er gjeldande. I følgje selskapets revisor vil dei i haust gi teateret ein ajourført oversikt over aktuelle problemstillingar knytt til offentleg anskaffingar.
- Offentleglova: I følgje styret følger selskapet Offentleglova i forhold til dei paragrafane som gjeld for selskapet som t.d. føring av journal av inn- og utgåande post.
- HMT arbeid: Selskapet har eigen internkontrollhandbok som er utforma med rutinar for avviksmelding, varsling, krisehandtering m.m. Vidare ligg handlingsplan HMT og IA arbeid til grunn med toårige planar. Desse er utarbeida i samtale med Stamina Bedriftshelse-teneste og NAV Arbeidslivssenter. HMT arbeid blir kvart år omtalt i årsmeldinga. I 2017 blei arbeid med å førebygge trakassering og diskriminering omtalt spesielt, og det blei gjort presiseringar i selskapets internkontrollsystem same år.
- Miljøansvar: I følgje årsmelding for 2017 har selskapet som mål å ikkje ureine det ytre miljø.
- Likestilling: Teateret har eit medvite forhold til arbeid med likestilling. Av fast og engasjert personale er forholdet 14 årsverk kvinner og 15 årsverk menn. Av kunstnerisk personale brukte teateret 9 kvinnelege og 11 mannelege årsverk i 2017. Styret består av 3 menn og 2 kvinner. Av varamedlemmene til styret er 3 kvinner og 3 menn.
- Anna: Selskapet har eit nøkternt nivå på styrehonorar og har rutinar for å løyse eventuelle interessekonflikatar.

3.5.3 Vurderingar

Det er oppretta fleire møtepunkt mellom fylkeskommunen som eigar og leiinga i selskapet. I tillegg til møta i generalforsamling blir det gjennomført eigarmøter, dialogmøter og andre meir uformelle møter som t.d. at hovudutval for kultur og næring har besøkt teateret sine lokale i Førde. I tillegg blir det sendt tilskotsbrev frå fylkeskommunen årleg til Sogn og Fjordane Teater L/L og selskapet blir omtalt kvart år i del II i Eigarmeldinga.

Fylkeskommunen har synleggjort sine forventningar i høve samfunnsansvar, miljø og etikk i Eigarmeldinga pkt. 1.8.1.

Protokoll frå generalforsamling, referat frå dialogmøta og det årlege tilskotsbrevet er sentrale dokument som synleggjer eigar sine styringssignal og oppfølging av selskapet. Sjølv om tema som økonomisk utruskap, offentleglova, HMT, miljø, likestilling m.m. i liten grad er omtalt i desse dokumenta kan ein ikkje gå ut frå at selskapets samfunnsansvar av den grunn ikkje blir følgt opp av eigar/eigarrepresentant. Eigarrepresentanten har i sin eigarmelding, ved spørsmål om kva slags eigaroppfølginga av selskapet som blir gjennomført ut over møter i generalforsamling, ikkje omtalt desse områda.

I del II i Eigarmeldinga om den einskilde verksemd er følgjande område teke med; sitat:

«Strategiplanen omtalar personalpolitikk, miljø og verdigrunnlag»

Selskapet gjer reie for HMT, likestilling, miljø og sjukefråvær i m.a. årsmeldingane. Årsmeldingane er sentrale dokument som eigarrepresentanten/fylkesutvalet/fylkestinget gjennomgår kvart år.

I følgje leiinga i selskapet er det ikkje ført anskaffelsesprotokoll ved kjøp over kr 200 000,-. Det kan sjå ut som om eigar og eigarrepresentanten har eit forbedringspotensiale når det gjeld oppfølging av områda offentlege anskaffingar, offentleglova og økonomiske utruskap/korrupsjon.

3.6 Kontaktmøter og rapportering

3.6.1 Kriteria

Eigarrepresentanten bør sikre seg naudsynt rapportering om Sogn og Fjordane Teater L/L når selskapets oppsette mål. Rapporteringa skal som eit minimum omfatte årsmelding, årsrekneskap og innkalling til møte samt protokollar frå generalforsamling med vising til selskapets vedtekter § 8 og Eigarmelding punkt 2.5.4, 2.6.1 og 2.6.2.

Det bør gjennomførast kontaktmøte/eigarmøte med jamne mellomrom mellom fylkeskommunen som eigar og selskapet for å informere eigar om oppnådde mål og for å ta opp aktuelle problemstillingar med selskapet, med vising til Eigarmelding punkt 2.6.1 og 2.6.2.

3.6.2 Fakta

Rapportering

Sogn og Fjordane Teater L/L sender følgjande rapportar til Sogn og Fjordane fylkeskommune i følgje Eigenerklæringa frå styret i selskapet:

- Søknad som inkluderer toårig budsjettsøknad, årsmelding og rekneskap.
- Publikumsstatistikk og rapport om likestilling og sjukefråvær.
- Innkalling og protokoll frå styremøte i selskapet.

Årsmeldingane gir kvart år ei grundig orientering om selskapets aktiviteter gjennom året. Sogn og Fjordane Teater L/L er eit turneteater som i 2017 besøkte alle 26 kommunane i fylket, var innom 60 ulike spelestader og hadde 223 framsyningar.

Kontaktmøter

I eigenerklæringa informerte Eigarrepresentanten at det årleg blir gjennomført dialogmøter mellom fylkeskommunen og leiinga/styret ved behov. Eigardialogen skjer i samsvar med Eigarmelding punkt 2.6.2. Ved eigaroppfølging utanfor generalforsamling er det viktig med skriftleg dokumentasjon, t.d. møtereferat eller liknande.

Det har i 2018 vore gjennomført 2 dialogmøter mellom leiinga i selskapet og den administrative leiinga i fylkeskommunen. I følgje referat frå møta blei m.a. følgjande saker drøfta:

- Årsplan og strategiar framover.
- Budsjett 2019.
- Tilskotsbrevet 2018.
- Nye lokalar og Nynorskhuset i Førde.
- Vestland fylkeskommune og selskapets framtid.
- Resultat 2017.
- Langsiktige utfordringar for selskapet.

Vi kjenner ikkje til om det har vore gjennomført slike dialogmøter i 2015 – 2017. Ved førespurnad til den administrative leiinga i fylkeskommunen og leiinga i Sogn og Fjordane Teater L/L har revisor ikkje motteke referat frå eventuelle dialogmøter i denne perioden.

I følge Eigarrepresentanten sin eigenerklæring blir i tillegg til dialogmøta det årlege tilskotsbrevet sett på som ein viktig del av dialogen mellom fylkeskommunen og selskapet. Teatersjef og styreleiar møter hovudutvalet for næring og kultur minst ein gong i fylkestingsperioden (gjerne fleire gonger) for å informere om status, utfordringar og korleis løyse desse. For å halde dialog mellom eigar og teater, har hovudutvalet også vore på besøk på teateret for å gjere seg kjend med arbeidstilhøva.

Jf. eigenmeldinga frå Eigarrepresentanten blei det gjennomført eit eigarmøte mellom fylkesordførar og fylkesrådmann og leiinga i Sogn og Fjordane Teater L/L hausten 2018 grunna teateret sitt behov for nye/større lokale, og invitasjon til deltaking i prosjektet «Nynorskens hus». Som følge av møtet og etterfølgjande søknad frå leiinga i Sogn og Fjordane Teater L/L, er det lagt fram ei sak for fylkestinget og kommunestyret i desember 2018.

3.6.3 Vurderingar

Basert på eigenerklæringar og gjennomgått dokumentasjon har fylkeskommune sikra seg informasjon om selskapets måloppnåing gjennom ulike typar møter og årsmeldingar slik eigaren forventar det med vising til Eigarmeldinga sine retningslinjer under punkta 2.5.4, 2.6.1 og 2.6.2. Rapportane syner at Sogn og Fjordane Teater L/L i stor grad har nådd måla sine både på eit overordna nivå og i forhold til fylkeskommunen sine styrande signal (sjå tilskotsbrevet 2017). Som døme kan ein vise til at teateret stetter opp om måla om å nå heile fylket og auke talet på publikumsbesøkande (sjå årsmelding for 2017).

3.7 Eigarrepresentanten sin opplysningsplikt overfor fylkesutval/fylkesting

3.7.1 Kriteria

Med vising til kap. 3.5 i Eigarmeldinga skal eigarrepresentanten:

- i etterkant av generalforsamling utarbeide ein skriftleg rapport til fylkesutvalet som skal omhandla hovudtrekka i årsrekneskapen, årsmeldingen og andre viktige saker. Årsrekneskap, årsmeldingen og protokoll frå møte i generalforsamling skal leggjast ved.
- drøfte saker/eigarpolitikken med fylkesutvalet/fylkestinget etter behov.
- etter motteke innkalling med sakliste har han/ho høve til å løfte spesielle saker til fylkesutvalet.

3.7.2 Fakta

Vi har fått framlagt rapport frå Eigarrepresentanten frå møte i generalforsamling 2018, men manglar rapport frå møta i 2016 og 2017. I 2016 stilte vara på møte i generalforsamling og i 2018 stilte eigarrepresentanten for fylkeskommunen med fullmakt. Personen som stilte med fullmakt er ein del av den administrative leiinga i fylkeskommunen. Fylkeskommunen får uansett tilsendt årsrekneskap, årsmelding og protokollar frå møta i generalforsamling direkte frå selskapet.

Viser til kap. 3.4 og 3.5 i Eigarmeldinga som m.a. omhandlar rutinar for dialog og rapportering mellom fylkestinget/fylkesutvalet og eigarrepresentanten. I følge eigenerklæring frå Eigarrepresentanten har ho i perioden 2015 – 2018 :

-levert munnleg rapport med vising til Eigarmeldinga punkt 3.5.2. Det er grunngeven med at det dei siste åra ikkje har vore meir å melde enn det som står i rekneskap og årsmelding og blei difor berre meldt munnleg.

-ikkje meldt inn saker til fylkesutvalet til drøfting for å ta i mot styringssignal. Det er meldt inn valsaker til hovudutvalet for næring og kultur (53/16 og 82/16), m.a. val av ny styreleiar etter dødsfall.

-ikkje bedt om eigarinstruks frå fylkesutvalet i forkant av møte i perioden 2015 - 2018.

-vore i dialog med administrasjonen og fylkesordførar om behov for sak om nye lokale/Nynorskens hus.

Fylkesutvalet har i følge eigenerklæringa frå Eigarrepresentanten ikkje stilt konkrete krav til ho i denne perioden. Hovudutvalet for næring og kultur kom med framlegg til styremedlem til Sogn og Fjordane Teater L/L i sakene 53/16 og 82/16. Vedtaket blei vidareformidla til selskapet på generalforsamlinga.

3.7.3 Vurderingar

Eigarrepresentanten har berre rapportert inn munnleg frå møta i generalforsamlinga i 2016 og 2017. Frå møte i 2018 er det rapportert skriftleg i samsvar med krava i Eigarmelding.

Det har vore liten/ingen dialog/kommunikasjon mellom Eigarrepresentanten og fylkesutvalet/fylkestinget i perioden 2015 – 2018 utover rapportering om årsmelding, årsrekneskap og protokoll frå generalforsamling i tillegg til den årlege Eigarmeldinga. Eigarrepresentanten grunngjer det med at det ikkje har vore usemje i saker som gjeld teateret, og at det ikkje har vore meir å melde enn det som står i årsmelding og årsrekneskap i denne perioden. Ho viser til Eigarmeldinga som retningsgivande for dei krav og forventningar fylkeskommunen har til henne som eigarrepresentant i Sogn og Fjordane Teater L/L.

4 Konklusjon

Sogn og Fjordane revisjon IKS har vurdert om eigarskapsutøvinga i Sogn og Fjordane Teater L/L i perioden 2015 – september 2018 er ivareteke i samsvar med aksjeloven, Eigarmeldinga vedteke av fylkestinget og etablerte normer for god eigarstyring med vising til *KS sine Anbefalingar*. Basert på motteke informasjon er eigarskapsutøvinga etter revisors vurdering i all hovudsak vore i tråd med krava på følgjande punkt:

- Eigar har ein klar eigarstrategi og følgjer dei opp i samsvar med Eigarmeldinga.
- Innkalling til - og gjennomføring av- generalforsamlingane er i all hovudsak utført i samsvar med krava i aksjeloven på dei undersøkte områda.
- Eigar har vurdert selskapets kapitalstruktur og funne den tilfredsstillande.
- Selskapets vedtekter er i samsvar med aksjelovens krav.
- Eigarrepresentanten har ivareteke kravet om å sikre representasjon av begge kjønn i styret.
- Eigar og eigarrepresentanten har ivareteke kravet om å sikre at styret er valt for å få til eit kollegium som gir god nok breidde og relevant kompetanse for selskapet.
- Eigarrepresentanten har følgd opp selskapets etiske regelverk og verdigrunnlag.
- Eigar og eigarrepresentanten har fått informasjon om selskapets samfunnsansvar på sentrale område som HMT arbeid, miljøansvar og likestilling gjennom årsrapportar.
- Eigar og eigarrepresentanten har fått informasjon om selskapets måloppnåing gjennom dialogmøter og årsrapportar.
- Eigarrepresentanten har i 2018 lagt fram for fylkesutvalet årsmelding, årsrekneskap og protokoll frå generalforsamling i samsvar med krava for slik rapportering i Eigarmeldinga.

Undersøkinga viste i tillegg at eigarstyringa på følgjande punkt ikkje var i tråd med krav og/eller føringar:

- Signatur av protokoll frå møta i generalforsamling var ikkje utført i samsvar med aksjelovens krav.
- Eigarrepresentanten har ikkje følgd opp om nye styremedlem får den opplæring dei har behov for.
- Eigar og eigarrepresentant har ikkje fått skriftleg rapportering om selskapet har ivareteke sitt samfunnsansvar på alle undersøkte områder.
- Eigarrepresentanten har eit forbettringspotensiale når det gjeld oppfølging av selskapets arbeid i samband med områda offentlege anskaffingar, offentlegloven og økonomisk utruskap/korrupsjon.
- Eigarrepresentanten har ikkje følgd krava i Eigarmeldinga ved rapportering frå møte i generalforsamling i 2016 og 2017 fullt ut.

5 Fråsegn til rapporten og revisors vurderingar

5.1 Fråsegn frå Eigarrepresentant

Uttale frå fylkeskommunen sin Eigarrepresentant datert 20.12.2018 er lagt ved rapporten som vedlegg nr. 2.

Eigarrepresentanten hadde ingen merknader til faktadelen i rapporten.

Eigarrepresentanten påpeiker at ho vil følgje opp mange av punkta i rapporten. Ho seier i tillegg at ho ikkje har vore godt nok kjent med at ho som eigarrepresentant har ansvar for at nye styremedlemar får den opplæring dei har krav på. Dette har ho oppfatta er selskapet sitt ansvar. Avslutningsvise etterlyser ho ei sjekklister over kva som forventast av eigarrepresentantane for å få dei rette svare tilbake.

5.2 Fråsegn frå fylkesrådmann

Uttale frå fylkesrådmann datert 18.12.2018 er lagt ved rapporten som vedlegg nr. 3.

Fylkesrådmannen hadde ingen merknadar til faktadelen i rapporten.

Fylkesrådmannen viser til den årlege eigarmeldinga der fylkestinget har tydeleggjort sine forventningar til alle selskapa som fylkeskommunen er eigar i. Det går m.a. fram av eigarmeldinga at fylkestinget som eigar forventar at selskapa rapporterer på saker som gjeld samfunnsansvar, og at fylkestinget er av den oppfatning at det enkelte selskap har ansvar for opplæring av sine styremedlem. Eigarmeldinga blir årleg sendt ut til alle selskapa inkl. SoFt.

Fylkesrådmannen viser til gjennomført Selskapskontroll i 2017 der fokus var fylkeskommunen sine overordna rutinar og retningslinjer for oppfølging av sine eigarinteresser. Revisors konklusjon då var at fylkeskommunen hadde etablert ei overordna eigarstyring i samsvar med lover og reglar, og at fylkeskommunen si eigarmelding er eit funksjonelt og godt styringsdokument. Han er difor usikker på om konklusjonen i selskapskontrollen av SoFt bør følgjast opp med endringar i eigarmeldinga, t.d. ved å tydeleggjere eigarrepresentanten sitt ansvar for oppfølging.

Fylkesrådmannen tar avslutningsvis med at han meiner revisor burde utdjupe i kor stor grad han meiner det er naturleg at eigarrepresentanten følgjer opp ulike lovkrav og forventningar, og om ein med det meiner at eigarmeldinga bør vere meir konkret. Etter fylkesrådmannen sitt syn bør ansvaret for fleire av dei punkta revisor peiker på liggje på selskapet (styreleiar/dagleg leiar) og kanskje ikkje på eigarane.

5.3 Fråsegn frå Sogn og Fjordane Teater v/styret

Uttale frå selskapet datert 02.01.2019 er lagt ved rapporten som vedlegg nr. 4.

Selskapet hadde ingen merknadar til faktadelen i rapporten.

Selskapets kommentarar går i all hovudsak på meir utdjupande informasjon om:

- dei årlege rapporteringane frå selskapet til fylkeskommunen.
- selskapets rutinar knytt til offentlege anskaffingar, offentleglova og økonomisk utruskap/korrupsjon.
- selskapets rutinar knytt til val av tilsettere representant i styret.

5.4 Revisors vurderingar

Fråsegn frå Eigarrepresentant

Revisor ser positivt på at Eigarrepresentanten vil følgje opp mange av punkta i rapporten.

Revisor er samd i at det i samsvar med Eigarmeldinga er selskapet som er ansvarleg for at nye styremedlem får den opplæring dei har behov for. Det er likevel teke med som eit eige punkt i rapporten. Revisor viser her til KS sine Anbefalinger nr. 9 om Sammensetningen av styret, sitat:

«Det er eiers ansvar å sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskaps virksomhet. Det anbefales at kommunen sikrer opplæring av styremedlemmene»

Ei av dei viktigaste oppgåvene til generalforsamlinga er å sjå til at ein får på plass eit godt styre med ei brei samansetnad tilpassa selskapets behov. Sjølv om ein får tak i styremedlemmar med god erfaring frå t.d. andre styreverv kan det likevel vere behov for opplæring i forhold til selskapets aktiviteter. Revisor konkluderer ikkje med at Eigarrepresentanten er ansvarleg, men at dei som representant for eigaren bør følge opp om styremedlemmane får/har den kompetanse/opplæring selskapet har behov for.

I utgangspunktet er styre i eit selskap personleg og økonomisk ansvarleg for det som skjer i selskapet. Denne kontrollen er ein eigarskapskontroll med vising til bestillinga frå kontrollutvalet:

«Formålet med eigarskapskontrollen er å kontrollere om den som utøver fylkeskommunen sine eigarinteresser, utøver sitt mynde i samsvar med aktuelle lover og føresegner, fylkestinget sine vedtak og forutsetningar og i tråd med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing.»

Sjølv om ansvaret ligg i styret i selskapet er ikkje det til hinder for at ein som eigar kan følgje det opp ved t.d. å be om ei orientering om aktuelle saker.

Revisor har ikkje andre kommentarar til Eigarrepresentanten sitt fråsegn.

Fråsegn frå fylkesrådmannen

Revisor ser positivt på fylkesrådmannen sine tilbakemeldingar til rapporten.

Revisor er samd i at det er styre og leiinga i eit selskap som er ansvarleg for fleire av dei punkta som revisor har peika på i konklusjonen. (sjå revisors vurderingar til Eigarrepresentanten sitt fråsegn).

Etter revisor sin vurdering bør ein kunne forvente at ein fylkeskommune som driver god eigarstyring også bør kjenne til områda som er påpeikt i konklusjonen.

Revisor har her teke utgangspunkt i eit selskap og gjennomført ein eigarskapskontroll for nærare vurdering av korleis fylkeskommunen sine rutinar knytt til eigarstyring blir gjennomført i dette selskapet. Kor vidt revisor sine konklusjonar i dette prosjektet vil føre til endringar i den årlege Eigarmeldinga må det vere opp til fylkestinget som eigar å ta stilling til. Dersom det er utydeleg kva forventningar fylkestinget har til dei som er valt til å utøve eigarskap i selskapa bør dette drøftast i fylkestinget.

Revisor har ikkje andre kommentarar til fylkesrådmannen sitt fråsegn.

Fråsegn frå Sogn og Fjordane Teater L/L v/styret

Revisor ser positivt på selskapet sine tilbakemeldingar til rapporten.

Innspela går i all hovudskap på meir utdjupande informasjon om selskapets rutinar og retningslinjer.

Revisor har ingen kommentarar til innspela.

Referansar

a) Referansar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Eigarskapsmelding 2017 vedteke i Fylkestinget 17.10.2017 under SAK 36/2017

Eigenerklæring frå Eigarskapsutøvar

Selskapskontroll 2017 – Overordna Eigarstyring vedteke i fylkestinget 05.12.2017 under SAK 42/2017

Tilskotsbrev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til Sogn og Fjordane Teater L/L for åra 2015, 2016 og 2017.

Evaluering av Sogn og Fjordane Teater L/L vedteke i hovudutval for kultur under SAK 38/14

Kulturstrategi 2015 – 2018 vedteke i hovudutval for kultur under SAK 59/2014

Møtereferat frå interne dialogmøter 16.04.2018 og 06.09.2018 mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn og Fjordane Teater L/L

b) Sogn og Fjordane Teater L/L

Selskapets vedtekter og stiftingsdokument

Selskapets strategiplan for perioden 2014 - 2018

Eigenerklæring frå styret

Årsrapport og årsrekneskap for åra 2015, 2016 og 2017

Innkalling og protokollar frå generalforsamlingar i 2016, 2017 og 2018

Søknad frå Sogn og Fjordane Teater L/L om auka driftsstønning til Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 25.09.2018

HMT-handbok for SoFt sist oppdatert 01.08.2018

Instruks for styret i SoFt

E-post frå selskapets revisor PwC

Etiske retningslinjer for tilsette ved SoFt

c) Eksterne referansar

LOV 1997-06-13 nr. 44: *Lov om aksjeselskap*

KS: *Anbefaling om eierstyring, selskapsledelse og kontroll. 2015*

Vedlegg nr. 1

Kriteria for eigarskapskontroll

Utøving av eigarskap er vurdert mot eit sett av kriteria der revisor har tilstrekkeleg informasjon til å gjennomføre vurderingar. Dei mest sentrale kjeldane for vurderingskriteria i rapporten er desse:

- Lov om aksjeselskap
- Eigarmelding 2017 vedteke i fylkestinget 17.10.2017/ sak 36/2017

I tillegg legger revisor til grunn for vurderingskriteria einskilde av KS` anbefalingar som uttrykk for beste praksis .

1. Eigarstrategi

Kjelder og utleiing.

Det er her teke utgangspunkt i Eigarmelding 2017 pkt. 1.7:

1.7 Styringsgrep – eigarstrategi og selskapsstrategi

1.7.1 Eigarstrategi

Det er hensiktsmessig at fylkestinget utviklar klare eigarstrategiar i høve enkelte selskap, slik at selskapa kan utvikle seg slik fylkestinget meiner er riktig, innanfor rammene som føremålet med eigarskapen set. Dette må vurderast konkret for kvart selskap. Eigarstrategien må vere i samsvar med føremålet til verksemda. Omfanget av ein slik eigarstrategi er også avhengig av mellom anna selskapet si verksemd, behov for eigarstyring, marknadsmessige høve og konkurranseregelverket.

Eigarstrategi og selskapsstrategi for eit selskap vil tene som grunnlag for ein etterfølgjande selskapskontroll.

Utbytepolitikk

Utbytepolitikk er ein del av eigarpolitikken fylkestinget har overfor nokre aksjeselskap.

Eigar har ansvar for forsvarleg kapital i selskapet, og dette må påverke utbytepolitikken til fylkeskommunen. Det er viktig at eigar vurderer om føremålet til selskapet vil kunne realiserast dersom ein tek ut utbytte frå eit selskap. Som regel vil selskapet si leiing ha uttala seg om dette. Denne uttalen bør vere utgangspunktet og rettesnora for vurderinga av om det skal takast ut utbytte.

1.7.2 Selskapsstrategi

Fylkestinget stiller krav til at selskapet si verksemd tydeleg skal gå fram av vedtektene/selskapsavtalen. Innanfor rammene av vedtektene/selskapsavtalen bør selskapet ha klare mål og strategiar. Krav til selskapsstrategi gjeld i dei tilfella dette er hensiktsmessig ut frå verksemda til selskapet, og omfanget vil kunne variere.

I KS` Anbefalinger nr. 5 heter det m.a.:

Eier bør ha satt klare mål og resultatmål til selskapet. Herunder bør det settes klare mål om effektiv drift og at driften skjer etter bedriftsøkonomiske prinsipper. Det bør også stilles andre mål som produksjons- eller produktivitetsmål.

Eigarstrategi og kriteria

- Fylkeskommunen skal ha ein konkret eigarstrategi med klare forventningar til selskapet.
- Fylkeskommunen skal følgje opp eigarstrategien i samsvar med eventuelle retningslinjer/styringssignal.
- Fylkeskommunen bør/kan utarbeida andre dokument enn Eigarmeldinga for å utdjupe eigarstrategien ytterlegare med tydelege føringar som er klart formulert.

2. Generalforsamling

Kjelder og utleiing.

Generalforsamlinga og mynde er regulert i aksjeloven kap. 5. Denne eigarskapskontrollen omfattar eit utval av paragrafane tilhøyrande den ordinære generalforsamlinga.

Kapittel 5. Generalforsamlingen

I. Alminnelige regler

§ 5-1. *Generalforsamlingens myndighet*

(1) Gjennom generalforsamlingen utøver aksjeeierne den øverste myndighet i selskapet.

(2) Når selskapet har bedriftsforsamling, eller når det er avtalt at selskapet ikke skal ha bedriftsforsamling, gjelder reglene i § 6-35, jf lov om allmennaksjeselskaper § 5-1 annet ledd.

§ 5-2. *Aksjeeiernes møterett. Fullmektig*

(1) Aksjeeierne har rett til å møte i generalforsamlingen, enten selv eller ved fullmektig etter eget valg. Møteretten kan ikke begrenses i vedtektene.

(2) Fullmektigen skal legge frem skriftlig fullmakt. Fullmakten skal være signert og datert. Fullmakten anses å gjelde bare for førstkommende generalforsamling hvis det ikke går tydelig frem at noe annet er ment. Aksjeeieren kan når som helst kalle tilbake fullmakten. Første og annet punktum gjelder tilsvarende for tilbakekall av fullmakten.

(3) Aksjeeiere har rett til å ta med rådgiver, og kan gi talerett til én rådgiver.

(4) Dersom samtlige aksjeeiere samtykker til det, kan det gjøres unntak fra kravene i annet ledd første og annet punktum.

0 Endret ved [lover 21 des 2001 nr. 117](#) (ikr. 1 jan 2002 iflg. [res. 21 des 2001 nr. 1475](#)), [19 juni 2009 nr. 77](#) (ikr. 3 aug 2009 iflg. [res. 16 juni 2009 nr. 876](#)), [14 juni 2013 nr. 40](#) (ikr. 1 juli 2013 iflg. [res. 14 juni 2013 nr. 635](#)), [16 juni 2017 nr. 71](#) (ikr. 1 juli 2017 iflg. [res. 16 juni 2017 nr. 876](#)).

§ 5-4. *Ledelsens rett og plikt til å være til stede på generalforsamlingen*

(1) Holdes generalforsamlingen som møte, skal styrelederen og daglig leder være til stede. Ved gyldig forfall skal det utpekes en stedfortreder. Dersom samtlige aksjeeiere samtykker, kan det gjøres unntak fra første og annet punktum. Andre styremedlemmer kan være til stede på generalforsamlingen når generalforsamlingen holdes som møte.

(2) Styremedlemmene og daglig leder har rett til å uttale seg på generalforsamlingen.

0 Endret ved [lov 14 juni 2013 nr. 40](#) (ikr. 1 juli 2013 iflg. [res. 14 juni 2013 nr. 635](#)).

☰

§ 5-5. *Ordinær generalforsamling*

(1) Innen seks måneder etter utgangen av hvert regnskapsår skal selskapet holde ordinær generalforsamling.

(2) På den ordinære generalforsamlingen skal følgende saker behandles og avgjøres:

1. godkjenning av årsregnskapet og eventuell årsberetning, herunder utdeling av utbytte;
2. andre saker som etter loven eller vedtektene hører under generalforsamlingen.

(3) Årsregnskapet og eventuell årsberetning og revisjonsberetning skal senest en uke før generalforsamlingen sendes til hver aksjeeier med kjent adresse.

- 0 Endret ved [lover 15 apr 2011 nr. 10](#) (ikr. 1 mai 2011 iflg. [res. 15 apr 2011 nr. 400](#)), [15 des 2017 nr. 105](#) (ikr. 1 jan 2018 iflg. [res. 15 des](#) virkning for regnskapsår avsluttet 31 des 2017 eller senere).

§ 5-9. Myndighet til å innkalle til generalforsamling

(1) Generalforsamlingen innkalles av styret.

§ 5-10. Krav til innkallingen

(1) Generalforsamlingen innkalles ved skriftlig henvendelse til alle aksjeeiere med kjent adresse. Innkallingen skal angi tid og sted for møtet. Selskapet kan ikke kreve noen form for godtgjøring for utsendelsen av innkallingen.

(2) Innkalling til generalforsamlingen skal være sendt senest en uke før møtet skal holdes, om ikke vedtektene setter en lengre frist. En slik vedtektsbestemmelse gjelder ikke ved innkalling som foretas på bakgrunn av krav etter § 5-6 annet ledd.

(3) Innkallingen skal i et forslag til dagsorden bestemt angi de saker som skal behandles på generalforsamlingen. Forslag om å endre vedtektene skal gjengis i innkallingen. Styret skal utarbeide forslag til dagsorden i samsvar med det som er bestemt i loven og vedtektene.

§ 5-13. Fortegnelse over aksjeeierne på møtet

Den som åpner møtet, skal før første avstemning opprette en fortegnelse over de aksjeeiere som har møtt, enten selv eller ved fullmektig. Fortegnelsen skal angi hvor mange aksjer og stemmer hver av dem representerer. Fortegnelsen skal anvendes inntil den måtte bli endret av generalforsamlingen.

§ 5-16. Protokoll

(1) Møtelederen skal sørge for at det føres protokoll for generalforsamlingen.

(2) I protokollen skal generalforsamlingens beslutning inntas med angivelse av utfallet av avstemningene. Protokollen skal angi antallet avgitte stemmer, og hvor mange aksjer og hvilken andel av aksjekapitalen de avgitte stemmene representerer, samlet og for og mot den enkelte beslutningen, i den utstrekning dette er relevant for utfallet av avstemningen. Fortegnelsen over de møtende etter § 5-13 skal inntas i eller vedlegges protokollen.

(3) Protokollen skal signeres av møtelederen og minst en annen person valgt av generalforsamlingen blant dem som er til stede. Protokollen og fortegnelse over aksjeeiere som nevnt i § 5-13, skal oppbevares på betryggende måte i hele selskapets levetid. Protokollen skal holdes tilgjengelig for aksjeeierne hos selskapet.

- 0 Endret ved [lover 19 juni 2009 nr. 77](#) (ikr. 3 aug 2009 iflg. [res. 26 juni 2009 nr. 876](#)), [16 juni 2017 nr. 71](#) (ikr. 1 juli 2017 iflg.

§ 7-1. Generalforsamlingens valg av revisor

(1) Generalforsamlingen skal velge én eller flere revisorer, og kan velge én eller flere vararevisorer.

(2) Revisors godtgjørelse skal godkjennes av generalforsamlingen.

Generalforsamling og kriteria

Det er teke utgangspunkt i aksjeloven sine krav for gjennomføring av generalforsamling i selskapet.

Generalforsamlinga si mynde

- Eigaravgjer og vedtak skal utførast i generalforsamling.

Gjennomføring av generalforsamling i møte

- Blir generalforsamlinga gjennomført som møte skal styreleiar og dagleg leiar vere til stade.

Saker som skal handsamast i generalforsamling

- På den ordinære generalforsamling skal følgjande saker handsamast og bli teke avgjer i:
 - godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, her under utdeling av utbytte.
 - andre saker som etter loven eller vedtektene høyrer inn under generalforsamling, herunder val av styre og revisor.
- Godtgjersle til revisor skal godkjennast av generalforsamling.

Protokoll frå generalforsamlinga

- Det skal føreligge protokoll frå generalforsamling som inneheld:
 - ved generalforsamling i møte: ein oversikt over dei møtande (kan også komme fram i vedlegg). Dersom aksjonærar eller andre har møtt med fullmakt skal det komme fram at gyldig fullmakt er lagt fram.
 - vedtak i generalforsamlinga med oversikt over resultat frå avstemmingane og tal stemmer som er gjevne og kor mange aksjar som er stemt for og imot vedtaket. Der det er relevant, skal det også takast med kva for del av aksjekapitalen dei gjevne stemmane representerer.
- Protokollen skal daterast og signerast av møteleiar og minst ein annan person valt av generalforsamlinga og sendast til samtlege aksjeeigarar.

3. Selskapets kapitalstruktur

Fylkestinget legg til grunn at kravet om forsvarleg eigenkapital og likviditet blir etterlevd.

Kjelder og utleiing.

Det er her teke utgangspunkt i Eigarmelding 2017 pkt. 1.8.3:

[1.8.3 Rettslege rammer for ulike verksemder](#)

Fylkestinget legg til grunn at alle verksemder til ei kvar tid følgjer dei lover og reglar som gjeld for verksemda. Fylkestinget har særleg forventning om at leiinga i selskapet syter for ein forsvarleg eigenkapital og økonomiforvaltning, samt at selskapet legg til rette for at aksjeeigarar kan utøve sine rettar på ein god måte.

Selskapets kapitalstruktur og kriteria

Eigar bør sjå etter at selskapet har ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil for selskapet med vising til pkt. 1.8.3 i Eigarmeldinga. For aksjeselskap legg fylkestinget til grunn at kravet om forsvarleg eigenkapital og likviditet vert etterlevd.

4.1 Vedtekter

Kjelder og utleiing.

Det er her teke utgangspunkt i aksjeloven § 2-2:

§ 2-2. Minstekrav til vedtektene

(1) Vedtektene skal minst angi:

1. selskapets foretaksnavn,
2. den kommune i riket hvor selskapet skal ha sitt forretningskontor,
3. selskapets virksomhet,
4. aksjekapitalens størrelse, jf § 3-1,
5. aksjenes pålydende (nominelle beløp), jf § 3-1.

(2) Dersom selskapet ved sin virksomhet ikke skal ha til formål å skaffe aksjeeierne økonomisk utbytte, skal vedtektene inneholde bestemmelser om anvendelse av overskudd og av formuen ved oppløsning.

- 0 Endret ved [lover 5 juli 2002 nr. 64](#) (ikr. 1 jan 2003 iflg. [vedtak 20 des 2002 nr. 1627](#)), [5 sep 2003 nr. 91](#) (ikr. 1 mars 2004 iflg. [1118](#)), [14 juni 2013 nr. 40](#) (ikr. 1 juli 2013 iflg. [res. 14 juni 2013 nr. 635](#)).

KS Anbefaling nr. 5

Kommunestyret skal utarbeide og bør jevnlig revidere styringsdokumentene og avtalene som regulerer styringen av selskapet.

Dette omfatter også selskapets vedtekter

Vedtekter og kriteria

Vedtekter

- Vedtektene skal minst innehalde:
 - selskapets namn
 - den kommunen i landet der selskapet har sin forretningsadresse
 - selskapets verksemd
 - storleiken på aksjekapitalen
 - aksjenes pålydande(nominelle beløp)
- Vedtektene skal fastsetje at styret sin leiar skal veljast av generalforsamlinga
- Vedtektene bør med jamne mellomrom vurderast og eventuelt oppdaterast

4.2 Nærare om eigars styreval – oppnemning av nytt styre/nye styremedlemmar

Det er generalforsamlinga som vel styre, jf. aksjeloven § 6-3. Dersom selskapet har bedriftsforsamling, vil det normalt vere denne som vel styret.

Det føl av kommuneloven § 80a at reglane i aksjeloven § 20- 6 om representasjon av begge kjønn i styret gjeld tilsvarende for aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar til saman eig minst to tredelar av aksjane.

Punkt 2.5 i Eigarmelding 2017 omhandlar m.a. Val av styre inkl. krav til eigenskapar og kompetanse, kjønnsbalanse i styre og prosedyrar for val av styre:

2.5 Utpeiking av styrerepresentantar

2.5.1 Fylkeskommunen sine krav til eigenskapar, kompetanse og styremedlemene si uavhengige stilling

Fylkestinget har som eigar ansvar for at dei som sit i dei ulike styra har eigenskapar og kompetanse til å styre selskapet på ein god måte i samsvar med selskapet si verksemd, strategi og handlingsplan.

Eigarmelding 2008 syner til at det er lang praksis for at fylkestingsmedlemer blir peikt ut som kandidatar til styreverv i fylkeskommunalt eigde selskap.

Fylkestinget har fortsett praksisen med å ha folkevalde i ulike styreroller, og er samtidig oppteke av å medverke til at styret som kollegium skal representere god nok breidde og relevant kompetanse for selskapet. Det kan difor vere aktuelt å velje styremedlemer utan fylkeskommunal forankring. Dette vert meir aktuelt på grunn av lovendringane om habilitet.

Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv. Styremedlemen er personleg ansvarleg for å ivareta selskapet sine interesser til det beste for alle eigarane.

Sjå punkt [3.3 Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap](#).

2.5.2 Prosedyrar for val av styremedlemer

Styra i selskapa vert valde av dei operative eigarorgana, her generalforsamling/representantskap. Eigarane kan påverke valet av styret ved å gje føringar til sine representantar i eigarorganet. Nokre selskap har ein eigen valkomité som førebur val av styre. I nokre selskap skal fylkeskommunen etter nærare avtalar og vedtekter sjølv peike ut ein eller fleire representantar til styra. Elles kan vedtektene ha reglar om utpeiking av styremedlemene.

Avtalefesta prosedyre for val av styre

Når fylkestinget eller fylkesutvalet vurderer om fylkeskommunen skal gå inn som ny eigar i aksjeselskap bør organet ta opp spørsmålet om å vedtekts- eller avtalefeste prosedyre for val av styre. Det vil vere ei god løysing at fleire av selskapa etablerer valnemnder som tek seg av arbeidet med å finne kandidatar til styret.

Styresamansetning i konsernmodell

Styret i morselskap bør ikkje sitte i styret til dotterselskap fordi styret i morselskap er generalforsamling i dotterselskap. Dette er viktig for å unngå rolleblanding i konsernforhold. Konserndirektøren kan vere representert i styra i dotterselskapa. Fylkeskommunen er eigar i fleire selskap med konsernmodell og må vere bevisst denne problemstillinga.

Habilitetsvurdering og politisk representasjon i styra

Fylkeskommunen bør ved utpeiking av styrerepresentantar vurdere om det kan oppstå ikkje-ynskjelege habilitetskonfliktar for den som vert utpeikt.

Når det er spørsmål om å velje folkevalde eller tilsette i fylkeskommunen til styrerepresentantar, bør organet som peikar ut vurdere kor ofte vedkommande kan verte ugild etter dei reglar som er lista opp i kapittel [2.2.2 Reglane om habilitet](#). Dersom ugildskap ofte vil inntreffe, må organet vurdere om dette vil gjere det lite hensiktsmessig å velje den aktuelle personen som styrerepresentant. Dette vil typisk gjelde sentrale folkevalde eller tilsette i

leiarstillingar. Organet må sjølv vurdere om ulempene ved å velje slike personar som styrerepresentantar er større enn behovet for å ha den aktuelle personen i styret.

2.5.3 Reglar om kjønnsbalanse i styra

Aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar har eigarmajoritet

Stortinget vedtok våren 2009 krav om representasjon av begge kjønn i styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap. Kravet er lovfesta i kommunelova § 80 a som syner til aksjelova § 20-6 som regulerer kjønnsbalansen i statsaksjeselskap. For at eit aksjeselskap skal reknast for å vere eit kommunalt kontrollert aksjeselskap må kommunar og fylkeskommunar til saman eige minst to tredelar av aksjane i selskapet.

Aksjelova § 20-6, 1. avsnitt lyder slik:

«I styret i statsaksjeselskap skal begge kjønn være representert på følgende måte:

1. Har styret to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert.
2. Har styret fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.
3. Har styret seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre.
4. Har styret ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og har styret flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.
5. Reglene i nr. 1 til 4 gjelder tilsvarende ved valg av varamedlemmer.»

Interkommunale selskap

For interkommunale selskap er det krav om tilnærma 40 % kjønnsrepresentasjon i styra. Dette følger av IKS-lova § 10 jamfør aksjelova § 20-6.

Andre verksemdar

Fylkestinget anbefaler at eigarorganet uavhengig av organisasjonsform forsøker å oppnå balansert kjønnsrepresentasjon i styra for å betre utnytte eksisterande kompetanse i regionen.

2.5.4 Kort om styret sitt ansvar

Forvaltninga av aksjeselskap og interkommunale selskap (IKS) ligg til styret. Dette er heimla i aksjelova og IKS-lova. Det betyr at det overordna myndet og ansvaret for forvaltninga av selskapet ligg til styret. Styret skal også føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Generalforsamlinga i aksjeselskap og representantskapet i eit IKS er selskapet sitt øvste organ, men dei deltek ikkje i den daglege forvaltninga av selskapet.

Styret er ansvarleg for at selskapet vert forvalta lojalt i samsvar med føremålet med selskapet. Styret skal altså sørgje for at selskapet realiserer målet som eigarane hadde ved etableringa av selskapet, og i kva lei selskapet skal styrast.

KS` Anbefaling nr. 9

- Det er eiers ansvar å sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskaps virksomhet. Det anbefales at kommunen sikrer opplæring av styremedlemmene.

Styreval og kriteria

- Eigarrepresentanten bør syte for at styret sin totale kompetanse skal representere ein god nok breidde og relevant kompetanse for selskapet med vising til Eigarmelding pkt. 2.5.
- Eigarrepresentanten må sikre at krava om representasjon av begge kjønn i styret blir overheldt med visning til kommuneloven og aksjeloven sine krav.
- Eigarrepresentanten bør sjå til at medlemmane i styret gis naudsynt opplæring. Fylkeskommunen kan i særskilte høve gi tilbod om opplæring, men meiner at det i utgangspunktet er det einskilde selskap sitt ansvar å sjå til at selskapets styremedlem får den naudsynte opplæring.

5. Ethiske regelverk og samfunnsansvar

Kjelder og utleiing

Det er her teke utgangspunkt i Eigarmelding 2017 kap. 1.8.

1.8.1 Samfunnsansvar, miljø og etikk hjå selskapa

Fylkestinget som eigar er oppteken av at selskapa tek samfunnsansvar og driv verksemda si i tråd med kva som er etisk forsvarleg.

Samfunnsansvar handlar om korleis verdiar vert skapte. Det handlar om korleis selskapa påverkar menneske, miljø og samfunn. Ansvarlege selskap tek omsyn til dette.

Fylkestinget har både generelle og meir spesifikke forventningar til selskapa når det gjeld samfunnsansvar. Dei spesifikke forventningane er knytt til fire tematiske kjerneområde: klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og antikorrupsjon.

Utgangspunktet til fylkestinget er at det er leiinga i selskapet som best kan vurdere korleis slike forventningar bør følgjast opp. Fylkestinget meiner at auka merksemd frå styret vil bidra til å betre måten selskapet arbeider med samfunnsansvar på.

Fylkeskommunen forventar at selskapa – i naudsynt grad – konkretiserer samfunnsansvar, miljø og etikk gjennom at selskapa

- vert drivne slik at dei i det store og heile gjev eit positivt bidrag til samfunnet
- stiller seg opne til alle som har legitime interesser knytt til verksemda
- sameinar økonomi og etikk i alle delar og ledd av verksemda
- medverkar til ei utvikling som tener eit bærekraftig miljø og langsiktige utviklingsinteresser
- opptrer ansvarleg og langsiktig i omstillingsprosessar der ein tek omsyn til sårbare lokalsamfunn
- har høgt ambisjonsnivå for satsing på forskning og utvikling
- arbeider systematisk og trygt med helse, miljø og tryggleik
- legg ILO sine åtte kjernekonvensjonar til grunn for si verksemd
- arbeider aktivt for likestilling i verksemda og i styret
- har ei medviten haldning til rekruttering av personar med minoritetsbakgrunn.
- arbeider aktivt med rekruttering ved å ta inn lærlingar
- rapporterer om sitt arbeid med samfunnsansvar, med vekt på vesentlege utfordringar, mål og indikatorar for måloppnåing, i hovudsak gjennom årsrapporteringa

Fylkeskommunen forventar at selskapa gjer det klart kva som er selskapet sitt verdigrunnlag, og i samsvar med dette utarbeider retningsliner for sitt arbeid med samfunnsansvar. Fylkeskommunen forventar at retningslinene er offentleg tilgjengelege og at selskapa integrerer arbeidet med klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og arbeid mot korrupsjon i desse.

Retningslinene bør mellom anna omhandle

- nøkternt nivå på honorar/godtgjersle, gåver, reiser og liknande til styremedlemer med fleire. Nivået på honoraret skal henge saman med den reelle personlege risikoen kvar einskild har knytt til si rolle i selskapet, og kompetansen den det gjeld tilfører selskapet
- interessekonfliktar
- forholdet til kundar, leverandørar og konkurrentar
- forholdet til medarbeidarane
- rutinar for varsling og reaksjonar/oppfylging av brot på retningslinene
- ansvar for menneske, samfunn og miljø som vert påverka av verksemda

Knytt til dei fire tematiske kjerneområda forventar fylkeskommunen at selskapa

Klima og miljø

- etterlever nasjonale og internasjonale miljøkrav
- gjennomfører grep for å redusere si negative miljøpåverknad
- har kompetanse til å gjennomføre naudsynte endringar i rammevilkår – som følge av klimaendringar, og nasjonale og internasjonale klimatiltak – slik at verdiane i selskapet vert tekne vare på ved omstillingsbehov

Menneskerettar

- respekterer og førebygger brot på menneskerettar i eiga verksemd, og følgjer opp dette overfor sine leverandørar og forretningspartnarar

Arbeidstakarrettar

- respekterer og bidreg til eit skikkeleg arbeidsliv der grunnleggande arbeidsstandardar og -rettar vert tekne vare på, og at arbeidstakarane blir gjeve ei løn dei kan leve av
- legg til grunn dei åtte kjernekonvensjonane til ILO som ein minimumsstandard for si verksemd, samt at desse vert følgde opp i verdikjeda
- opptrer ansvarleg i omstillingsprosessar og gjennomfører desse i dialog med tilsette og lokalsamfunn

Openheit kring økonomiske transaksjonar og arbeid mot korrupsjon

- utviser størst mogleg grad av openheit knytt til pengestrømmar, også skatt
- har retningsliner, system og tiltak for å hindre korrupsjon, og for å handtere moglege lovbrøt eller tvilstilfelle som måtte avdekkast på dette feltet

Oppfølginga av arbeidet til selskapa med samfunnsansvar skjer gjennom eigardialog mellom eigar og leiinga i selskapa. Eigar forventar at selskapa rapporterer på viktige saker som gjeld verksemda og saker som gjeld samfunnsansvar.

1.8.2 Samfunnsansvar og etikk hjå fylkeskommunen og fylkeskommunen sine utsendingar

Fylkestinget vedtok i sak 36/93 etiske retningslinjer og prinsipp for fylkeskommunen. Dei ligg på fylkeskommunen sine nettsider¹. Desse gjeld for dei folkevalde i alle situasjonar der dei opptretr som folkevalde på vegne av fylkeskommunen, også når dei opptretr som eigarrepresentant for fylkeskommunen.

Når ein person representerer fylkeskommunen i eit styre, er det selskapet sine etiske retningslinjer som gjeld for utøvinga av styrevervet. Sjå også kapittel [2.5.1 Fylkeskommunen sine krav til eigenskapar, kompetanse og styremedlemmane si uavhengige stilling](#) og kapittel [2.4.1 Krav til fylkeskommunen sin eigarrepresentant](#), samt kapittel [3. Rutinar](#).

Etisk regelverk/samfunnsansvar og kriteria

Eigar bør følgje opp at selskapet sytar for sitt samfunnsansvar i tråd med Eigarmeldinga punkt «1.8.1 Samfunnsansvar, miljø og etikk hjå selskapa», her under at selskapet m.a.:

- har utarbeida eit etisk regelverk.
- arbeider aktivt for å hindre misleghald og korrupsjon, og at drifta er i samsvar med fylkeskommunen sine mål og interesser.
- har eit avklart forhold til lov om offentlege anskaffelser ved kjøp og investeringar.
- vert drivne slik at dei i det store og det heile gjev eit positivt bidrag til samfunnet.
- sameinar økonomi og etikk i alle delar og ledd av verksemda.
- arbeider systematisk og trygt med helse, miljø og tryggleik (HMT).
- arbeider aktivt for likestilling i verksemda og i styret.
- rapporterer om sitt arbeid med samfunnsansvar, med vekt på vesentlege utfordringar, mål og indikatorar for måloppnåing, i hovudsak gjennom årsmeldingar.
- gjer det klart kva som er selskapets verdigrunnlag, og i samsvar med dette utarbeider retningslinjer for sitt arbeid med samfunnsansvar.
- syner nøktern nivå på honorar/godtgjersle, gåver, reiser og liknande til styremedlem m. fl.

6. Kontaktmøter og rapportering

Kjelder og utleiing

Det er her teke utgangspunkt i Eigarmelding 2017 punkta: 2.5.4, 2.6.1 og 2.6.2.

2.5.4 Kort om styret sitt ansvar

Forvaltninga av aksjeselskap og interkommunale selskap (IKS) ligg til styret. Dette er heimla i aksjelova og IKS-lova. Det betyr at det overordna myndet og ansvaret for forvaltninga av selskapet ligg til styret. Styret skal også føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Generalforsamlinga i aksjeselskap og representantskapet i eit IKS er selskapet sitt øvste organ, men dei deltek ikkje i den daglege forvaltninga av selskapet.

Styret er ansvarleg for at selskapet vert forvalta lojalt i samsvar med føremålet med selskapet. Styret skal altså sørgje for at selskapet realiserer målet som eigarane hadde ved etableringa av selskapet, og i kva lei selskapet skal styrast.

¹

2.6 Retningslinjer for eigarutøving overfor selskapet

2.6.1 Rammer for eigarutøving

Utgangspunktet i selskapslovgjevinga er at aksjonærar utøver eigarskap gjennom generalforsamlinga. Generalforsamlinga kan treffe vedtak i alle saker som gjeld selskapet, med mindre lova legg mynde til å fatte avgjerd til andre organ (t.d. bedriftsforsamlinga i selskap som har slik).

Som selskapet sitt øvste mynde, kan generalforsamlinga instruere andre selskapsorgan, gjere om deira avgjerdar eller direkte treffe vedtak i sakene til andre selskapsorgan med mindre lova eksplisitt tek frå generealforsamlinga dette myndet.

Utøving av mynde skjer altså i generalforsamlinga. Som utgangspunkt må instruksjon av styret eller enkelte styremedlem skje gjennom fleirtalsvedtak i generalforsamlinga. Utover generalforsamlinga er aksjonærar si eigarutøving ikkje eksplisitt lovregulert.

Fylkeskommunen meiner samspelet mellom eigar, styre og leiing i eit selskap er viktig. Dersom desse ikkje er samde om retninga verksemda skal velje, og heller ikkje om kva forventningar partane har til måloppnåing, kan dette stille selskapet i ein uheldig posisjon.

Det er difor naturleg å ha dialog med selskapa også utanfor generalforsamlinga. I punktet nedanfor har fylkeskommunen sett opp egne retningslinjer for korleis eigardialog skal gjennomførast. Retningslinjene gjeld både i og utanfor generalforsamlinga. I eigardialogen utanfor generalforsamlinga, vert det særleg stilt krav til at prinsippa bak retningslinjene vert følgde.

2.6.2 Eigardialogen

Fylkeskommunen oppmodar selskap vi eig til å fastsette retningslinjer for kontakt selskapet har med aksjeeigarar utanfor generalforsamlinga, i samsvar med anbefalingane til NUES. Dersom eit styre har vedteke egne retningslinjer for slik kommunikasjon, må fylkeskommunen som eigar ta omsyn til desse ved utøving av eigarrolla.

Eigarutøving skal skje på generalforsamlinga. Fylkeskommunen brukar kvartalsresultat og årsmeldingar, annen offentleg tilgjengeleg informasjon, generalforsamling og eigardialogen for å få relevant informasjon om selskapet. Fylkeskommunen kan utover dette, og innanfor selskapslovgjevinga, ha møte/kontakt med selskapet si leiing og styre som ein del av eigaroppfølginga. I desse møta kan fylkeskommunen, som andre aksjeeigarar, ta opp høve som selskapa bør vurdere i tilknytning til si verksemd og utvikling. Kontakten kan dreie seg om problemstillingar knytt til samfunnsansvar, forventa utbytte, konkrete krav om tiltak for å betre lønsemd, sosiale høve, kompetanse, konkurranse, kapitalbehov og selskapet sine egne moglegheiter for å hente kapital, m.m. Her vil utgangspunktet naturleg vere måla til eigarane med eigarskapet og forventningar til selskapet. Eigar må vidare kunne følgje opp om leiinga i selskapet handlar i tråd med deira interesser. Eigar kan krevje at selskapet rapporterer på dei høve som er vorte teke opp med selskapet og om korleis selskapet vert styrt.

Det kan vere hensiktsmessig at eigar går i dialog med styret med føremål om å formulere eit tydeleg eigarmål for eigarskapen i selskapet. Her kan det stillast klare krav til selskapet, ut i

frå selskapet sin eigenart, marknad og risiko. Behovet for slik dialog må avgjerast konkret for kvart enkelt selskap.

Eigardialogen må tilpassast kvart selskap, slik at den er mest mogleg relevant ut frå selskapet sin eigenart, risiko og verksemd.

Fylkestinget legg til grunn at styret har ansvaret for korleis fylkeskommunen sine forventningar best kan følgjast opp og rapporterer på ein hensiktsmessig måte.

Fylkeskommunen legg til grunn at selskapa rapporterer på vesentlege høve. Dersom selskapa avviker fylkeskommunen sine forventningar, som det kan vere gode grunnar for, forventast det at dei forklarar dette («følg eller forklar»-prinsippet).

Regelen er at fylkeskommunen som eigar rettar seg til leiar i styret i saker som gjeld selskapet. Styreleiar avgjer kven som skal delta i dialogen frå selskapet si side, inkludert administrasjonen. Møte med leiinga må handterast innanfor dei rammene som følgjer av selskapslovgjevinga, og i tråd med omsynet til likehandsaming av aksjeeigarar.

For SFE AS inviterer fylkestinget til eit årleg møte med eigarrepresentanten og leiinga i selskapa. Dette møtet vert normalt gjennomført i byrjinga av juni. Representantar frå selskapet orienterer fylkestinget om årsrekneskap og aktuelle saker.

For selskap der eigarposisjonen til fylkeskommunen er betydeleg, og der situasjonen tilseier det, er det rutine at fylkestinget oppmodar om at styreprotokoll vert send til fylkeskommunen. Fylkesrådmannen har bede dei selskapa det gjeld innarbeide dette som fast rutine. Dette er likevel ikkje noko fylkeskommunen har heimel til å instruere selskapet til. Det må i så tilfelle skje gjennom eit vedtak i generalforsamlinga.

Særleg om omsynet til likehandsaming av aksjonærar

Eigarutøvinga til fylkeskommunen skal utøvast lojalt mot prinsippet om likehandsaming av aksjonærar. I selskap der fylkeskommunen er aksjonær saman med andre, bør fylkeskommunen søke å opptre med same rettar og plikter som kvar annan aksjonær. For private aksjonærar har det mykje å seie at fylkeskommunen, som i enkelte selskap er dominerande eigar, ikkje utøver eigarskapen sin slik at andre aksjonærar sine rettar eller økonomiske interesser vert påverka negativt.

Dette prinsippet bør likevel ikkje vere til hinder for at fylkeskommunen, som andre eigarar, kommuniserer sine synspunkt om utviklingsretning for selskapa. Dette er tvert i mot ei viktig eigaroppgåve; å vere ein tydeleg eigar som set selskapet si verdiskaping i fokus.

Dialog og rapportering om samfunnsansvar, inkludert miljø og klima

I utgangspunktet skal selskapa rapportere om ikkje-finansielle tema som verksemda sin klima- og miljøpåverknad. Oppfølging av samfunnsansvar bør følgje retningslinene for eigardialog som er lista opp ovanfor. Fylkeskommunen kan i tillegg vurdere å be enkelte selskap rapportere om miljø og klima utover det som følgjer av rekneskapslova på bakgrunn av verksemda sin eigenart og marknaden den operer i. Ei slik rapportering vil måtte ta utgangspunkt i forventningar om mål og strategiar for selskapet. Som eigar må fylkeskommunen kunne gjere kjent sine

synspunkt om samfunnsansvaret til selskapet. Fylkeskommunen forventar at ei eventuell rapportering vil følgje «følg, eller forklar»-prinsippet.

Fylkeskommunen er oppteken av at selskapa gjer greie for dei viktigaste tilhøva når det gjeld samfunnsansvar. Dette vil kunne variere ut frå verksemda til selskapet og forventningane til fylkeskommunen på området. Fylkeskommunen meiner det er selskapa som er nærast til å gjere desse vurderingane, men fylkeskommunen kan òg ta opp tilhøve ved behov.

Kontaktmøter og rapportering - kriteria

Eigarrepresentanten bør sikre seg naudsynt rapportering om Sogn og Fjordan Teater L/L når selskapets oppsette mål. Rapporteringa skal som eit minimum omfatte årsmelding, årsrekneskap og innkalling til møte samt protokollar frå generalforsamling med vising til selskapets vedtekter § 8 og Eigarmelding punkt 2.5.4, 2.6.1 og 2.6.2.

Det bør gjennomførast kontaktmøte/eigarmøte med jamne mellomrom mellom fylkeskommunen som eigar og selskapet for å informere eigar om oppnådde mål og for å ta opp aktuelle problemstillingar med selskapet med vising til Eigarmelding punkt 2.6.1 og 2.6.2.

7. Eigarrepresentantens opplysningsplikt overfor fylkesutval/fylkesting

Kjelder og utleiing

Det er her teke utgangspunkt i Eigarmelding 2017 kap. 3.5.

3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring

3.5.1 Generelt

Utsendingane drøfter saker/eigarpolitikken i høve kvart enkelt selskap med fylkestinget eller fylkesutvalet ved behov. Alle eigarutsendingar har høve til å møte fylkesutvalet for å drøfte spesielle saker som omhandlar eigarskapen i selskapet. Slike saker vert melde inn til fylkesordføraren i forkant av møtet. Fylkesutvalet kan også be ein eigarrepresentant om å møte i utvalet.

3.5.2 Rutinar ved innkalling til møte i eigarorgan

Når eigarrepresentanten har motteke innkalling og sakliste til generalforsamling eller representantskap i selskapet, har ho eller han høve til å løfte spesielle saker til fylkesutvalet. Gjeld det utpeiking av styrerepresentantar skal saka løftast til det hovudutvalet selskapet naturleg høyrer under. Mynde i slike valsaker ligg elles til fylkesutvalet. Eigarutsendingen vil då få høve til å drøfte saka med fylkesutvalet. Føremålet er å ta imot styringssignal frå fylkesutvalet om eigarutøving for komande generalforsamling/representantskap.

Utsendingane eller vara møter på generalforsamling/representantskap. Her opptrer eigarrepresentanten i tråd med styringsinstruksane ho eller han har fått av det politiske fleirtal i fylkesutvalet.

I etterkant av ordinær generalforsamling/representantskapsmøte utarbeider eigarutsendinga ein skriftleg rapport til fylkesutvalet. Rapporteringsfristen er 31. juli. Rapporten skal omhandle

hovudtrekka i årsrekneskapen, årsrapporten og andre viktige saker. Ein mal for denne rapporteringa er utarbeidd og ligg tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider².

Eigarutsendingen skal ved innsending av rapporten legge ved innkalling til generalforsamlinga, årsmelding, årsrekneskap, andre vedlegg til saklista og protokoll frå generalforsamlinga.

Rapportane frå utsendingane tener som grunnlag for den årlege eigarmeldinga del II.

Kvart år vert oppdatert eigarmelding lagt fram for fylkestinget i oktober. Her skal tinget ta stilling til om fylkeskommunen skal vidareføre eigarskapen i dei enkelte selskapa. I tillegg blir det teke stilling til om det er særskilde forventningar til dei einskilte selskapa framover.

Dersom det er særskilde forventningar til selskapa, vert dette teke inn som eige punkt under presentasjonen av selskapet i eigarmeldinga, del II.

3.5.3 Rutinar i forkant av møte eigarorgan i selskapa

Det vert sendt ut melding frå fylkeskommunen til alle selskapa der ein oppmodar om å varsle både eigarutsending og fylkeskommunen om generalforsamling i god tid. Det er presisert at møtetidspunkt bør fastsetjast så tidleg som mogleg, medan sakliste og sakspapir kan sendast ut i samsvar med frist fastsett i lov eller vedtekter. I meldinga frå fylkeskommunen til alle selskapa, vil det bli oppmoda om at selskapa sender innkalling til generalforsamling, årsrekneskap og årsmelding vert sendt til fylkeskommunen og eigarutsendingen. Det same gjeld protokoll frå generalforsamlinga. Selskapa får tilsendt kontaktinformasjon på den enkelte eigarrepresentanten.

Dersom korkje den valde utsendingen eller vara kan møte på generalforsamlinga, er det i utgangspunktet ingen som møter for fylkeskommunen. Dette kan i nokre tilfelle vere uheldig. Ein utveg kan då vere at den valde utsendingen gjev ein annan fullmakt til å møte.

Eigarrepresentantens opplysningsplikt og kriteria

Med vising til kap. 3.5 i Eigarmeldinga skal eigarrepresentanten:

- i etterkant av generalforsamling utarbeide ein skriftleg rapport til fylkesutvalet som skal omhandla hovudtrekka i årsrekneskapen, årsmeldingen og andre viktige saker. Årsrekneskap, årsmeldingen og protokoll frå møte i generalforsamling skal leggjast ved.
- drøfte saker/eigarpolitikken med fylkesutvalet/fylkestinget etter behov.
- etter motteke innkalling med sakliste har han/ho høve til å løfte spesielle saker til fylkesutvalet.

² <http://www.sfj.no/verksemder-og-eigarskap.334847.nn.html>

Vedlegg nr. 2

Uttale frå Eigarrepresentant

Hei

No har eg lese gjennom rapporten.

Eg har ikkje så mykje å merke til det generelle i rapporten.

Når det gjeld forbetningspunkta, så har eg ikkje vore godt nok kjend med at eg som eigarrepresentant har ansvar for at nye styremedlemar får den opplæringa dei har krav på. Dette har eg oppfatta har vore selskapet sitt ansvar.

Vidare er det i rapporten mange punkt som skal følgjast opp av eigarrepresentanten. Det kunne ha vore greitt å hatt ei sjekkliste om kva som krevst av oss for å få dei rette svara tilbake til eigar.

Beste helsing Karen Marie Hjelmeseter

Motteke som e-post datert 20.12.2018

Vedlegg nr. 3

Uttale frå fylkesrådmann



Sogn og Fjordane Revisjon IKS

Side 1 av 1

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:
Trude Helen Flåten
E-post: Trude.Helen.Flatten@sfg.no
Tlf.: 41530613

Vår ref.
Sak nr.: 18/8994-4
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
56352/18

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 19.12.2018

Uttale til utkast til rapport frå gjennomført selskapskontroll av Sogn og Fjordane Teater L/L

Viser til utkast til rapport for gjennomført selskapskontroll/eigarskapskontroll av Sogn og Fjordane Teater L/L (SoFt), sendt til fylkesrådmannen ved e-post av 10.12.18. Sogn og Fjordane Revisjon IKS har kontrollert «om den som utøver fylkeskommunen sine eigarinteresser, utøver sitt mynde i samsvar med aktuelle lover og føresegner, fylkestinget sine vedtak og forutsetningar og i tråd med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing». Revisjonen har sendt rapporten til fylkesrådmannen for uttale og verifisering av faktadelen.

Eg kan ikkje sjå at faktadelen i rapporten inneheld feil.

I rapporten konkluderer Sogn og Fjordane Revisjon IKS med at eigarskapsutøvinga i stor grad er i tråd med lover og retningslinjer. Samstundes listar revisor opp fem punkt der eigarstyringa ikkje er i tråd med krav og føringar. Dette gjeld m.a. at møteleiar ikkje har signert generalforsamlingsprotokollane i samsvar med krava i aksjelova, og at eigarrepresentanten ikkje har følgd opp at nye styremedlem får den opplæringa dei har behov for.

Fylkestinget handsamar årleg ei eigarmelding som inneheld både generell og spesiell eigarpolitikk. Gjennom den generelle delen i eigarmeldinga har fylkestinget tydeleggjort sine forventingar til alle selskapa som fylkeskommunen er eigar i. Det går m.a. fram av eigarmeldinga at fylkestinget som eigar «forventar at selskapa rapporterer på [...] saker som gjeld samfunnsansvar», og at «fylkestinget er av den oppfatning at det enkelte selskap har ansvar for opplæring av sine styremedlem», sjå punkt 1.8.1 og 3.3. Etter at den årlege eigarmeldinga er vedteken i fylkestinget, blir den sendt til alle selskapa, inkludert SoFt.

Hausten 2017 kontrollerte Sogn og Fjordane Revisjon IKS om fylkeskommunen hadde etablert overordna rutinar for oppfølging av sine eigarinteresser. Revisor kom til at fylkeskommunen hadde etablert ei overordna eigarstyring i samsvar med lover og reglar, og at fylkeskommunen si eigarmelding er eit funksjonelt og godt styringsdokument. Fylkesrådmannen er difor usikker på om konklusjonen i selskapskontrollen av SoFt bør følgjast opp med endringar i eigarmeldinga, for å sikre at eigarstyringa skjer i tråd med krav og føringar, t.d. ved å tydeleggjere eigarrepresentanten sitt ansvar for oppfølging.

Etter fylkesrådmannen sitt syn kunne revisor gjerne utdjupa i kor stor grad han meiner det er naturleg at eigarrepresentanten følgjer opp ulike lovkrav og forventingar, og om ein med dette meiner at eigarmeldinga bør vere meir konkret. Etter fylkesrådmannen sitt syn bør ansvaret for fleire av dei punkta revisor peikar på liggje på selskapet (styreleiar/dagleg leiar) og kanskje ikkje på eigarane.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Sogn og Fjordane Revisjon IKS

Besøksadresse:

Fylkeshuset

Postadresse:

Askedalen 2
6863 LEIKANGER

E-post:

post@sfg.no
Helmeside:
www.sfg.no

Telefon:

57638000

Bankgiro:

4212 02 02000

Org.nr :

NO 941 388 841 MVA

Vedlegg nr. 4

Uttale frå Sogn og Fjordane Teater L/L



Sogn og Fjordane Teater LL

Angedalsvegen 5

Postboks 324

6802 Førde

Førde 02.01.2019 Jrn. 1/19 mgs

SF Revisjon v/ Marianne Vara

Askedalen 2

6863 Leikanger

Innspel til rapport frå eigarskapskontroll (selskapskontroll) for Sogn og Fjordane Teater

Etter avtale med Marianne Vara ynskjer Sogn og Fjordane Teater å komme med følgjande opplysningar, eller innspel om de vil, til rapporten sin konklusjon, punkta som ikkje var i tråd med krav og føringar.

Eigar og eigarrepresentant har ikkje fått skriftleg rapportering om selskapet har ivareteke sitt samfunnsansvar på alle undersøkte områder.

Teateret sender kvart år utfyllande rapport i form av budsjettsøknad til både Kulturdepartementet, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde Kommune. Der rapportera vi på forventna mål frå eigarane og dei overordna politiske mål definert i tilskotsbrevna våre. Rapporten inneheld årsrekneskap og rapportering for førre år, arbeidsbudsjett og planar for inneverande år og langsiktig budsjettsøknad for neste år. Viktig del av rapporten er statistikk over publikum, likestilling og andre måleparameter i aktivitetsrapporten. Vi meiner denne søknaden og rapporten på ein fyldig måte syner vår aktivitet i føregåande år og planar framover.

Eigarrepresentanten har eit forbettringspotensiale når det gjeld oppfølging av selskapets arbeid i samband med områda offentleg anskaffingar, offentleglova og økonomisk utruskap/korrupsjon.

Teateret har interne rutinar og arbeidsmetodar som skal sikre at vi held dei aktuelle lovene. I siste kvartal 2018 oppgraderte vi interne rutinar kva gjeld offentlege anskaffingar. Prinsippa i offentleglova har vore praktisert, men vi har eit forbettringspotensiale når det gjeld dokumentasjon.

Vidare følgjer vi offentleglova med journalføring og tilgang til alt som ikkje er unnateke offentlegheita til dei som ber om innsyn osv. Vårt system for journalføring er framleis papirbasert og vi har utfordringar med elektronisk kommunikasjon og journalføring av denne. Vi ser no på elektroniske system som betre kan hjelpe oss å sikre at vi stettar krava i offentleglova.

Kva gjeld økonomisk utruskap har vi dette som fast agenda med revisor kvart år, vi har interne rekneskapsrutinar som sikrar at alle billag er signert av både avdelingsansvarleg, direktør og økonomimedarbeidar. Vi er ein kompakt og gjennomiktig organisasjon der openheit er særleg viktig. Alle tilsette har tilgang til det som ikkje er skjerma av personvern eller andre årsaker grunna i drift og liknande. I offentlege anskaffingar er vi alltid fleire involverte i avgjerda for å sikre at ikkje habilitet blir ei utfordring. Vi er merksame på habilitet i tilsettingssaker.

Eigarrepresentanten har ikkje følgd krava i Eigarmeldinga ved rapportering frå møte i generalforsamling i 2016 og 2017 fullt ut.

Ved val av ny tilsettere representant i styret blei ikkje saka presentert som eiga sak i generalforsamlinga. Sjølve valet og valprotokollen frå dei tilsette stettar krava til val. Protokollen er signert av teljekorps, styreleiar og direktør, det er sjølve valet i generalforsamlinga som ikkje er gjennomført.

Førde 02.01.2019

Rasmus Mo

Styreleiar

Signert med fullmakt frå styret i Sogn og Fjordane Teater.